

NORGES  
IDRETTSFORBUND  
Sogn og Fjordane idrettskrins



# Årsmelding *2014-2015*

## ÅRSMELDING 2014-2015 FOR SOGN OG FJORDANE IDRETTSKRINS

<b>1. ORGANISASJON/ADMINISTRASJON.....</b>	<b>9</b>
1.1. Idrettskrinsen .....	9
1.1.1 Møte og sakshandsaming.....	9
1.1.2 Tillitsvalde .....	10
1.1.3 Tilsette .....	10
1.1.4 Representasjon og møte i idrettsorganisasjonane .....	11
1.1.5 Idrettens hus .....	14
1.1.6 «Årets frivillig i fylket» .....	15
1.2 Idretten – lov og organisasjon .....	16
1.3 Kommunikasjon i organisasjonen.....	16
1.4 Medlemsutvikling.....	16
1.5 Idrettslag – nye lag – strokne lag .....	17
1.6 Politiattest.....	17
1.7 Kompensasjonsordningar for meirverdiavgift.....	18
1.8 Grasrotandelen.....	18
<b>2. AKTIVITET.....</b>	<b>20</b>
2.0 Innsatsområde.....	20
2.1 Barneidrett.....	21
2.2 Ungdomsidrett .....	23
2.3 Vaksenidretten .....	37
2.4 Idrett for funksjonshemma .....	37
2.5 Inkludering.....	39
2.6 Kompetanseutvikling.....	39
2.7 Antidopingarbeidet .....	45
2.8 Andre utdannings-/utviklingstiltak.....	45
<b>3. ORGANISASJON .....</b>	<b>47</b>
3.1. Idrettslaga og frivillig innsats.....	47
3.2. Idrettsråd .....	48
3.3. Særkrinsar/regionar i Sogn og Fjordane.....	52
3.4. Særidrettar og aktivitetstal i Sogn og Fjordane pr. 31.12.14 .....	55
3.5. Aktivitetstal for særidrettane, kommuneoversikt.....	56
3.6. Utbreiing av idrettar i Sogn og Fj. pr. 31.12.14.....	57
<b>4. RAMMEVILKÅR .....</b>	<b>58</b>
<b>5. IDRETTSANLEGG - NÆRMILJØANLEGG .....</b>	<b>60</b>
<b>6. IDRETT OG FOLKEHELSE.....</b>	<b>62</b>
<b>7. IDRETT OG SAMFUNN.....</b>	<b>65</b>

# ÅRSMELDING 2014-2015

## SOGN OG FJORDANE IDRETTSKRINS

### VISJON

## Idrettsglede for alle

Visjonen ”idrettsglede for alle” skal prege både organisasjonsarbeidet og aktivitetspolitikken. Den skal medverke til at alle menneske får høve til å utøve idrett ut frå sine ønskje og behov, slik det går fram av NIF sin formålsparagraf.

Idrettsglede skal vere den viktigaste drivkrafta for dei som deltek, enten ein er utøvar, trenar, domar, frivillig, føresett eller publikum.

Det er gleda ved å delta saman med vener som skal kjenneteikne idrettskvardagen. ”Fair play” skal kjenneteikne all vår aktivitet både i topp og breidde.

Idretten er ein stad for leik, spenning, utfordringar og opplevingar.

Gleda ved å meistre er viktig for alle. Alle som deltek er like viktige uansett prestasjonsnivå.

”Idrettsglede for alle” er ein krevjande ambisjon. Den utfordrar både den enkelte og fellesskapet. Vi lukkast når alle føler seg velkomne, og når samhald og ekte glede pregar kvardagen i idrettslaga.

## Idretten i Sogn og Fjordane sitt verdigrunnlag

Idretten i Sogn og Fjordane skal arbeide for at alle menneske får høve til å utøve idrett ut frå sine ønskje og behov og utan å bli diskriminert på grunn av livssyn, seksuell orientering eller etnisk bakgrunn. Vi skal vere ein positiv verdiskapar for individ og samfunn og dermed styrke vår posisjon som folkerørsle og drivkraft i samfunnet.

## Organisasjonsverdiar

Organisasjonen sitt arbeid skal vere prega av *frivillig innsats, demokrati, lojalitet og likeverd*.

## Aktivitetsverdiar

All idrettsleg aktivitet skal byggje på grunnverdiar som *idrettsglede, fellesskap, helse og ærlegdom*.

# Idrettskrinsstyret 2014-2016



Styreleiar  
Nils R. Sandal



Nestleiar  
Arve Heimdal



Styremedlem  
Aud Kari Isane



Styremedlem  
Ruth-Sølvi Helland



Styremedlem  
Lilly Schøyen



Varamedlem  
Ingrid Heien



Varamedlem  
Stian Grimseth

# Idrettskrinsstyret summerer opp perioden

Grunnlaget for arbeidet på ulike innsatsområde i tingperioden, er Strategiplan 2014-2016 Idretten i Sogn og Fjordane og Idrettspolitisk dokument 2011-2015 NIF.

Idrettskrinsstyret rapporterer gjennom årsmeldinga tilbake på mål og delmål i Strategiplan 2014-2016 og set i denne oppsummeringa fokus òg på utfordringar framover.

**IDRETTSORGANISASJONANE** - idrettslag, idrettsråd, særkrinsar/regionar/særidrettar og Sogn og Fjordane idrettskrins - har **felles hovudmål** om å:

- vere ein viktig samfunnsaktør og verdiskapar i Sogn og Fjordane.
- arbeide for å fremje trivsel og helse, vere allsidig og inkluderande og gi rom for idrettsleg utvikling i tråd med eigne ambisjonar.
- ta vare på og styrke den frivillige innsatsen på alle nivå i idrettsarbeidet.
- legge til rette for god idrettsleg aktivitet både for topp og breidde.

Idrettskrinstinget 2014 vedtok gjennom strategiplanen **fire hovudutfordringar** for perioden:

- Styrka rammevilkår; finansiering av aktivitet og drift av idretten i Sogn og Fjordane
- Ungdom; møte ungdomsgruppa sine behov og ønskje innanfor den organiserte idretten
- Klubb utvikling; bygge opp om frivillig innsats og styrka kompetanse i idrettslaget
- Framtidas utøvarar; systematisk utvikling av unge utøvarar

**IDRETTE SITT** viktigaste samfunnsbidrag er det som skjer i idrettslaga kvar einaste dag i heile fylket gjennom frivillig innsats.

Dei 189 idrettslaga kunne pr. 31.12.14 telje opp 42919 medlemskap som utgjer knappe 40 % innbyggjarane fylket.

24444 barn og ungdom i aldersgruppa 6-19 år deltek som aktivitetsmedlemer i laga. Desse fordeler seg på 15260 i aldersgruppa 6-12 år og 9194 i 13-19 år.

Utviklingstrekk i høve førre tingperiode, er ein mindre nedgang i samla medlemstal i idrettslaga.

Det er stabile aktivitetstal i barneidretten og ein nedgåande tendens i ungdomsidretten samla sett for alle særidrettane.

**DEN ØKONOMISKE VERDISKAPINGA** idretten tilfører fylket, utgjer ein viktig faktor for både arbeidsplassar og næringsinntekter.

Denne verdiskapinga skjer t.d. gjennom anleggsutbygging, idretten sin bruk av transport og overnattingsbedrifter og leveransar til idrettsarrangement. Større idrettsarrangement og profilerte idrettsutøvarar/prestasjonsmiljø gir òg ein klar, positiv marknadsføringseffekt for fylket.

Det er god utbyggingsaktivitet på anleggsida i fylket og løyvingane frå spelemidlar auka i 2015 med 9 mill. frå året før. Med auke i godkjent søknadsum og tildelingsprosent, gir dette noko betre økonomiske vilkår for utbyggjarane med kortare ventetid for utbetaling.

**DEI ØKONOMISKE RAMMEVILKÅRA** for idrettslaga er styrka i perioden. Ved politisk og felles idrettspolitisk innsats, har norsk idrett fått auka økonomioverføringane til idrettslaga gjennom alle dei fire etablerte kompensasjons- og tilskotsordningane. Dei fire ordningane er lokale aktivitetsmidlar (LAM), momskompensasjon varer og tenester, momskompensasjon

idrettsanlegg og grasrotandelen. Idrettslaga i Sogn og Fjordane fekk i 2015 tilført 22,59 mill. kroner som utgjer ein auke med 53,9 % frå 2013.

Krins-/regionsledda i fylket har samla sett klare utfordringar på økonomisida. Idrettskrinsen si basisfinansiering avheng av tilskot frå fylkeskommunen og Norges idrettsforbund. På særkrinssida er det ei nedgåande utvikling i høve stillingsprosentar. Overføringane til regionsledda har ein realnedgang på same tid som pengestraumen til idretten i sentralleddet har auka. Manglande kompensasjon for løns- og prisstigning over tid, gir ikkje påreknelege vilkår for arbeidet med organisasjons- og aktivitetsutvikling. Ledda utgjer støttefunksjonane for idrettslaga og legg grunnlag for aktivitetsstakinga. Oppgåvene er m.a. utdanning av leiarar, trenarar og domarar, anleggs-, klubb- og organisasjonsutvikling, økonomi- og informasjonsarbeid og tilrettelegging for idrettsarrangement. Sentralledda i norsk idrett må i større grad ha fokus på behova regionalt og «styre» meir av tilgjengelege økonomiske midlar til aktivitets- og organisasjonsutvikling på regionsnivå.

Det tette samarbeidet med fylkeskommunen er vidareutvikla i perioden. Styre og administrasjon i idrettskrinsen har følgd opp arbeidet med å styrke dei økonomiske rammevilkåra for idretten i fylket ved møte med politikarar og administrasjon i fylkeskommunen; fylkesting, kulturutval og fylkesdirektørane for kultur og opplæring. Prosessen med utviklingsavtale mellom idrettskrinsen og fylkeskommunen er fullført og avtalen vart signert 19.06.15.

**UNGDOMSIDRETT** var ein av hovudutfordringane for idretten i fylket i perioden. Strategien for arbeidet med ungdomsidrett ligg i det felles løftet for norsk ungdomsidrett med tre hovudpillarar: Få fleire ungdomar til å bli lengre i organisert idrett i laga, bygge ungt leiarskap og gi framtidens utøvarar moglegheiter til deltaking og utvikling i tråd med egne ambisjonar. Målet om at fleire ungdomar 13-19 år vel å halde fram som aktive innanfor den organiserte idretten er ikkje nådd. For ungdomsgruppa 13-19 år syner aktivitetstala ei jamn nedgåande kurve dei siste fem åra, 2010-2014. Utfordringa framover for alle ledd er særleg å snu denne utviklinga i ungdomsidretten.

Idrettskrinsen har arbeidd med to prosjekt: 1. å stimulere til ungt leiarskap og 2. utvikling av unge utøvarar.

**UNGDOMSPROSJEKTET** «Idrettslaget som trivsels-, lærings- og utviklingsarena for jenter 15 – 19 år» vart avslutta i 2015. Dette treårige prosjektet hadde som mål å bygge ungt leiarskap for jenter, styrke jenterekutteringa og få fleire jenter med som trenarar og leiarar. Sommert opp for effektar av ungt leiarskap for jenter, har prosjektet gitt om lag 50 jenter engasjert inn i leiaroppgåver gjennom ungdomsleiarkurs, i lokale tiltak og større leiaroppgåver. Det er prøvd ut og etablert ordningar for å sikre ungdomsengasjement ut frå prinsippet av, for og med ungdom som t.d. Ungdomens idrettsråd i Stryn. Gjennom tiltak i «Lokalt ungdomsløft», «Open Hall» og «Idrettsskule for ungdom» har ungdom synleggjort sin vilje og evne til å bruke egne ressursar og skape gode, varige aktivitetstilbod for ungdom.

Tre jenter har gjennom prosjektet engasjert seg i opplæring som funksjonærer til Ungdoms-OL og 12 ungdomar har delteke i plangruppe for fakkemarkeringa i Stryn 22.01.16. Mentorordningar er sett i gang og har fungert godt både gjennom lokale ordningar og med prosjektleiar/prosjektmedarbeidar som mentorar for jentene i dei ulike miljøa.

«**FRAMTIDAS IDRETT I SOGN OG FJ.**» er eit felles utviklingsprosjekt for idretten i fylket med visjonen «Gode i hop» og mål om ein kunnskaps- og verdibasert idrett med læring, samhandling og utvikling på tvers, òg i lokalmiljøet.

Ein hovudintensjon med prosjektet er å tilby kunnskaps- og utviklingstøtte og bygge gode lokale utviklingsmiljø i fylket. Siktemålet er styrka trenar- og leiarkompetanse, felles- og tverridrettsleg, og å få med fleire unge utøvarar lenger oppover i utviklingstrappa.

Eitt av måla med utviklingsarbeidet er å formidle kunnskap om og stimulere til treningsmiljø som er prega utviklings- og meistringsorientering i tråd med Olympiatoppen sine tilrådingar for utvikling av unge utøvarar.

Modellen «Lokalt utviklingsmiljø» er sett i gang i Florø og Gloppen, med langsiktig mål om å legge til rette for utvikling av fellesidrettsleg kraftsenter (utøvarar frå fleire idrettar) knytt til vidaregåande skule m/idrettsfag.

Idrettsstyret har vedteke at 2016 skal vere **IDRETTENS UNGDOMSÅR** og utfordra særforbund og idrettskrinsar til å setje eit ekstraordinært fokus på ungdomsidretten dette året.

Kva gjer vi med denne utfordringa? Vi må gjerne gå djupare inn problemstillingane, stille spørsmål, debattere og gjere nødvendige prioriteringar.

Er det slik at vi kompenserer for fråfall i ungdomsåra ved å gå stadig lengre ned med spesialisering i barneidrettsalder? Vel vi vekk ungdom ved å plukke ut dei «beste» i tidleg ungdomsalder? Skal idretten vere komfortabel med at så mange vel å slutte med organisert idrett i 13-14-årsalderen? Er det slik at prestasjonsfokuset i for stor grad overstyrer fokuset på eigenverdien, oppleving av glede ved meistring og deltaking i fellesskapet?

**FOLKEHELSEPERSPEKTIVET** og lågterskel fysisk aktivitet blir i stor grad teke i vare av idrettslaga gjennom breiddeidrettstilboda og lokale krefter sin innsats med å legge rette for eigenorganisert aktivitet. Gode døme på tilbod for folk flest er dagpreparerte langrennsløyper og alpinbakkar, kunst-grasflater, ballbingar, sandvolleybaner, turstiar og tuorientering.

«**GRENSELAUS IDRETTSDAG**» er ein idrettsdag for deltakarar med utviklingshemming i alle aldrar med fokus på idrettsglede, meistringsopplevingar og utprøving av ulike idrettar.

«Grenselaus idrettsdag» vart arrangerte i Førde i 2014 og 2015 med stor entusiasme frå deltakarar, instruktørar og arrangørar.

**SAMHANDLING** og å løfte saman på tvers av arbeidsdelinga i idretten i fylket, var ein viktig intensjon i strategiplanen, og har lege til grunn for idrettskrinsen sitt arbeid på prioriterte innsatsområde i perioden.

Å gjere kvarandre gode, hente læring og erfaring på tvers og tilføre etterspurt fellesidrettsleg kunnskap, er viktige føresetnader for vekst og utvikling for idrettsaktiviteten i fylket.

Tiltak som fagseminar, fagmøte, idrettskonferanse, fellesmøte for idrettslaga og idrettsråda, lags- og idrettsrådsbesøk har styrka samhandlinga på tvers og arbeidet for å nå felles mål.

Idrettskrinsen skal vere sentral aktør og nettverksbygger på vegne av ein samla idrett i fylket og har følgd opp arbeidet med å utvikle samhandling med viktige samarbeidspartar for idrettsorganisasjonane.

**KOMMUNIKASJON** er gjerne den viktigaste faktoren for å bygge god samhandlingskultur.

Kravet til gode og dagsaktuelle, elektroniske kommunikasjonskanalar for å nå ut til brukarane, forsterkar seg over tid. Idrettskrinsen har i perioden lagt vekt på å styrke informasjonssida med

tett oppfølging av nettsida, teke i bruk facebook og sender ut regelmessig «Nytt frå Idrettskrinsen» til alle organisasjonsledd.

Det er bygd opp nærare relasjonar til Høgskulen i Sogn og Fjordane og til Olympiatoppen Vest. Begge institusjonane har bidrege med fagressursar til gjennomførde kompetansetiltak for idretten i 2015. Målet er faste samhandlingsstrukturar som sikrar kontinuitet i arbeidet med å tilføre det beste av idrettsfagleg kompetanse til idrettsmiljøa i fylket.

Samarbeidet med fylkeskommunen er vedlikehalde og vidareutvikla m.a. med utviklingsavtale, rullering av «Regional plan for fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv 2016-2019», planprosessar med kommunedelplanar og oppfølging av «Spissa idrettstilbod for potensielle toppidrettsutøvarar».

**GODE I HOP** er visjonen idrettskrinsstyret føreslår for tingperioden 2016-2020. «Ingen blir best åleine – alle blir betre saman». Visjonen skal gi retning for fellesskap og inkludering, å arbeide saman om felles mål og tilby kunnskaps- og verdibaserte aktivitetstilbod til medlemmane. Ved å løfte saman på tvers av arbeidsdelinga i idretten, kan vi betre løyse ut den beste innsatsen som gir vekst og utvikling for idrettsaktiviteten i fylket.

Fylket vårt har mange gode prestasjonsmiljø som jamleg får fram utøvarar som hevdar seg på nasjonalt og internasjonalt nivå. Vi kan alle kjenne på stoltheita når idrettsutøvarar frå fylket vårt lykkast, når dei står på pallen eller får gode tilbakemeldingar for idrettsprestasjonane sine. Då føler vi oss alle som «Sogn og Fjordingar», dei er ein av oss.

**Idretten er med og byggjer eit enno betre Sogn og Fjordane!**

Spelar vi på lag både i idrett og samfunnet ellers, spelar vi på «fylkeslaget», så blir vi gode i hop !!

Vi vil rette stor takk til alle våre idrettsvenner i heile fylket og til alle våre samarbeidspartar for flott engasjement og innsats for idretten i 2014-15.

Nils R. Sandal  
leiar

Arve Heimdal  
nestleiar

Aud Kari Isane  
styremedlem

Ruth-Sølvi Helland  
styremedlem

Lilly Schøyen  
styremedlem

Ingrid Heien  
1. varamedlem

Stian Grimseth  
2. varamedlem



# 1. ORGANISASJON/ADMINISTRASJON

## 1.1. Idrettskrinsen

### 1.1.1 Møte og sakshandsaming

#### Idrettskrinstinget 2014

Idrettskrinstinget 2014 vart halde på Sandane 5. april med totalt 60 deltakarar (med gjester og administrasjon).

Årsmelding og protokoll finn du på heimesida.

Link:

<https://www.idrettsforbundet.no/idrettskretser/sogn-og-fjordane-idrettskrins/om-idrettskrinsen1/idrettskrinsting>

#### Møte i idrettskrinsstyret

Styret i Sogn og Fjordane idrettskrins har i perioden hatt 11 møte og handsama 55 saker.

#### Viktige saker som styret har arbeidd med i perioden:

- Realisere måla i Strategiplan 2014-2016
- Ungdoms- og folkehelseprosjekt
- Regional plan for folkehelse 2015-2025
- Idrettssenteret AS
- Regional plan for fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv 2016-2019
- Politisk påverknad og styrking av rammevilkåra for idretten i Sogn og Fjordane
- Styring av rammevilkår for idrettskrinsane
- Oppfølging spissa idrettstilbod i vidaregåande skule
- Samarbeidsavtale idrettsråd – kommune, idrettsrådsprosjekt «Ein god idrettskommune»
- Rein idrettskrins
- Utviklingavtale med Sogn og Fjordane fylkeskommune
- «Framtidas idrett i Sogn og Fj.»

#### Høyringar og innspel:

Sogn og Fj. fylkeskommune - Handlingsprogram 2015-2018 til «Regional plan for folkehelse 2015-2025»

NIF - Den norske toppidrettsmodellen - delrapport «Kortreist kvalitet»

NIF - Spelemiddelsøknad 2015

NIF - Programkomiteen for IK. Rammevilkår for idrettskrinsane.

NIF - Utkast til IPD 2015-2019

Sogn og Fj. fylkeskommune - «Regional plan for folkehelse 2015-2025»

NIF - Spelemiddelsøknad 2016

Sogn og Fj. fylkeskommune - Rullering av «Regional plan for fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv 2016-2019»

## 1.1.2 Tillitsvalde

### Idrettskrinsstyret

Leiar:	Nils R. Sandal	Byrkjelo
Nestleiar:	Arve Heimdal	Stårheim
Styremedlemmer:	Aud Kari Isane	Balestrand
	Ruth-Sølvi Helland	Florø
	Lilly Schøyen	Sogndal
Varamedlemmer:	Ingrid Heien	Sandane
	Stian Grimseth	Naustdal

### Revisjon

Engasjert revisor:	PricewaterHouseCoopers	Førde
Kontrollkomite:	Terje Gjertsen	Førde
	Björg Eikum Tang	Sogndal
Varamedlemmer:	Ann Kristin S. Vindheim	Førde
	Terje Steinar Vallestad	Viksdalen

### Valnemnd

Leiar:	Gunnar Harstad	Stryn
Medlemmer:	Siss May Edvardsen	Naustdal
	Sindre Roska	Førde
Varamedlem:	Gunnar Solbakken	Sogndal

## 1.1.3 Tilsette

### Tilsette i Sogn og Fjordane idrettskrins

Ved utgangen av 2015 hadde Sogn og Fjordane idrettskrins fire tilsette fordelt på 3,7 årsverk.

I perioden har Sogn og Fjordane idrettskrins hatt desse tilsette:

Tittel	Namn	Tilsett	Still. andel
Organisasjonssjef	Anne Leversund	01.09.12 -	100 %
Plan- og utviklingsleiar	Ingrid Narum	01.09.14 -	100 %
Fagkonsulent	Ingar Breilid	01.06.76 -	60 % frå 01.10.13 50 % frå 19.07.15
Økonomikonsulent	Erling Benjaminsen	05.07.99 -	100 %
Prosjektleiar ungdomsprosjekt	Ann Kristin Grodås	01.03.13 - 31.12.15	20 %



## Tilsette i særkrinsar/regionar og særforbund

Ved utgangen av 2015 hadde særiddrettane ti tilsette i Sogn og Fjordane fordelt på fem særkrinsar/regionar og 8,4 årsverk.

Tittel		Namn	Still. andel
Dagleg leiar	S&Fj. Fotballkrets	Svein Olav Myklebust	100 %
STU Spelarutvikling	S&Fj. Fotballkrets	Jan Tore Jåstad	100 %
KU Klubbutviklar	S&Fj. Fotballkrets	Ola Flo Zachariasen (permisjon)	100 %
KU Klubbutviklar	S&Fj. Fotballkrets	Anders Veibust	100 %
Dommar- og seriekonsulent	S&Fj. Fotballkrets	Yngve Håkonsen	100 %
Aktivitets og arr. ansvarleg	S&Fj. Fotballkrets	Hildegunn Hove	100 %
Fagsjef barn, prosjektstilling	S&Fj. Fotballkrets	Marius Kloster	50 %
Dagleg leiar	S&Fj. Friidrettskrins	Narve Heggheim	50 %
Organisasjonssjef	Norges Friidrettsforbund	Narve Heggheim	50 %
Administrasjonssjef	S&Fj. Skikrins	Yngve Thorsen	100 %
Seriekonsulent Sogn og Fjordane	NHF Region Vest	Barbro Kroken	50 %
Regionkonsulent	NVBF Region S&Fj.	Kasia Ciesielska	40 %

### 1.1.4 Representasjon og møte i idrettsorganisasjonane

#### Representantar i nemnder, råd eller utval

Aud Kari Isane: Programkomite for møta mellom NIF og idrettskrinsane 2011-2014

Anne Leversund: Samarbeidsutvalet NIF 2014-2015

Nils R. Sandal: Hovudkomiteen for EM-vektløfting 2016

#### Eigen representasjon og deltaking i andre sine møte

Idrettskrinsstyret har representert på NIF-ting, leiarmøta i NIF og andre sentrale møte i NIF, møte med Sogn og Fjordane fylkeskommune og kommunar, på politisk og administrativt nivå. Idrettskrinsstyret og/eller administrasjonen har vore representert på særkrins-/regionstinga, på årsmøta i idrettsråda, ved jubileumsarrangement i idrettslag og møte elles med organisasjonsledda og andre.

2014:

Type	Stad / organisasjon	Dato	Representant
Ny kulturstrategi	Førde / S&Fj. fylkeskommune	07.01.2014	Anne Leversund
Klubb-besøk	Florø Hestesportklubb	08.01.2014	Anne Leversund
Opning Trivselshagen	Sandane	16.01.2014	Leversund / Breilid
Krinsting	S&Fj. Orienteringskrins	08.02.2014	Johan Kjerstad
Folkehelseseminar	Skei / S&Fj. fylkeskommune	11.02.2014	Leversund / Breilid
Årsmøte	Sogndal IR	12.02.2014	Aud Kari Isane
Regionsting	NMF Region Vest	15.02.2014	Arve Heimdal
IR-besøk	Lærdal IR	24.02.2014	Leversund / Breilid
IR-besøk	Vik IR	25.02.2014	Ingar Breilid
Dagseminar	Sogndal / S&Fj. idrettskrins	28.02.2014	Isane / Grodås / Heimdal / Leversund / Breilid

Sjumilsstegkonferansen	Loen / fylkesmannen	11.-12.03.2014	Anne Leversund
Årsmøte	Gloppen IR	12.03.2014	Anne Leversund
Årsmøte	Førde IR	19.03.2014	Anne Leversund
Klubb-besøk / årsmøte	Florø Hestesportklubb	20.03.2014	Anne Leversund
Årsmøte	Stryn IR	20.03.2014	Ingar Breilid
Styremøte Idrettssenteret AS	Sogndal	25.03.2014	Anne Leversund
Krinsting	S&Fj. Skyttarkrins	27.03.2014	Ingar Breilid
Ungdoms-NM vektløfting	Sandane	29.03.2014	Arve Heimdal
Krinsting	S&Fj. Vektløftarkrins	29.03.2014	Arve Heimdal
Årsmøte	Årdal IR	02.04.2014	Anne Leversund
Idrettskrinsting / fagseminar	Sandane / S&Fj. idrettskrins	4.-5.04.2014	Styret og adm.
Krinsting	S&Fj. Symjekrins	10.04.2014	Arve Heimdal
Årsmøte	Fjaler IR	10.04.2014	Ingar Breilid
Årsmøte	Høyanger IR	10.04.2014	Anne Leversund
Fagseminar	Molde / NIF	14.-15.05.2014	Adm.
Årsmøte	Luster IR	28.04.2014	Ingar Breilid
Nynorskkonferanse	Førde / S&Fj. fylkeskommune	29.04.2014	Anne Leversund
Årsmøte	Lærdal IR	29.04.2014	Ingar Breilid
Årsmøte	Selje IR	07.05.2014	Arve Heimdal
Krinsleiar møte	Gardemoen / NIF	08.05.2014	Sandal / Leversund
Leiar møte	Bergen / NIF	23.-24.05.2014	Sandal / Leversund
Regionsting	NHF Region Vest	24.05.2014	Ruth Sølvi Helland
Utdeling kongens fortjenestemedalje Anders Fortun	Luster	31.05.2014	Nils R. Sandal
Krinsting	S&Fj. Skiskyttarkrins	04.06.2014	Nils R. Sandal
Anleggskonferanse	Førde / S&Fj. fylkeskommune	11.06.2014	Anne Leversund
IR-møte/reetablering Bremanger IR	Bremanger IR	11.06.2014	Ingar Breilid
Skitinget	Loen / Norges Skiforbund	14.-15.06.2014	Nils R. Sandal
Generalforsamling Idrettssenteret AS	Sogndal	25.06.2014	Nils R. Sandal
Årsmøte	Flora IR	26.06.2014	Ingar Breilid
Årsmøte	Bremanger IR	27.08.2014	Ruth Sølvi Helland
Folkehelseseminar	Florø / S&Fj. fylkeskommune	28.08.2014	Ingar Breilid
Styreseminar	S&Fj. Skikrins	29.08.2014	Ingar Breilid
Anleggsmøte	Sogndal IL	02.09.2014	Anne Leversund
Programkonferanse	Førde / S&Fj. Arbeiderparti	03.09.2014	Sandal / Leversund
Krinsleiar møte	Drammen / NIF	12.-14.09.2014	Sandal / Leversund
Styremøte Idrettssenteret AS	Sogndal	22.09.2014	Anne Leversund
Anleggskonferanse	Førde / S&Fj. fylkeskommune	23.09.2014	Leversund / Breilid / Narum
Opptur 2014	Førde / Sparebanken S&Fj.	02.10.2014	Leversund / Narum
Dialogmøte	Vågsøy IR	15.10.2014	Ingar Breilid
Programkonferanse	Balestrand / S&Fj. Høgre	17.10.2014	Sandal / Leversund
Lov/dom-seminar	Oslo / NIF	23.-24.10.2014	Anne Leversund
Medieseminar Jan Atle Stang	Førde	27.10.2014	Styret / adm.
Innspelskonferanse fylkestinget /politikardag S&Fj.	Leikanger	04.11.2014	Sandal / Leversund

Utviklingsforum/fagdag	Gardermoen / NIF	11.-12.11.2014	Ingrid Narum
Grenselaus idrettsdag	Førde	15.11.2014	Helland/ Leversund / Narum
Miljøhelg	S&Fj. Fotballkrets	14.-15.11.2014	Ingar Breilid
Evalueringsmøte spissa satsing vgs.	Skei	18.11.2014	Leversund / Breilid / Narum
Årsmøte	Vågsøy IR	20.11.2014	Breilid / Narum
Sparebankstiftinga, konferanse	Florø	24.11.2014	Anne Leversund
Fellesforum	Oslo / NIF	3.-4.12.2014	Anne Leversund

## 2015:

Type	Stad / organisasjon	Dato	Representant
Idrettsgalla	Hamar / NIF	10.01.2015	Nils R. Sandal
Opning Gaularhallen	Sande	10.01.2015	Arve Heimdal
Opning klubbhus Hafstadparken	Førde	23.01.2015	Nils R. Sandal
Klubb-besøk	Tambarskjelvar IL	05.02.2015	Leversund / Narum
Hovudutvalet for kultur	Førde / S&Fj. fylkeskommune	10.02.2015	Sandal / Leversund
Verdiseminar	Førde IL fotball	12.02.2015	Ingar Breilid
Årsmøte	Sogndal IR	24.02.2015	Arve Heimdal
Krinsting	S&Fj. Skyttarkrins	01.03.2015	Arve Heimdal
Årsmøte	Eid IR	03.03.2015	Anne Leversund
Årsmøte	Lærdal IL	03.03.2015	Ingrid Narum
Årsmøte	IL Modig	04.03.2015	Ingrid Narum
Årsmøte	Stryn IR	04.03.2015	Arve Heimdal
Fagmøte særkrinsane/regionane	Skei	09.03.2015	Sandal / Heimdal / Helland / Heien / adm.
Sjumilsstegkonferansen	Loen / fylkesmannen	10.-11.03.2015	Leversund / Narum
Årsmøte	Askvoll IR	11.03.2015	Ingar Breilid
Krinsting	S&Fj. Symjekrins	14.03.2015	Nils R. Sandal
Krinsting	S&Fj. Friidrettskrins	15.03.2015	Lilly Schøyen
Årsmøte	Florø SK	17.03.2015	Anne Leversund
Krinsting	S&Fj. Gym og turnkrins	22.03.2015	Ingrid Narum
Årsmøte	Gloppen IR	24.03.2015	Ingrid Heien
Årsmøte	Årdal IR	26.03.2015	Arve Heimdal
Årsmøte	Fjaler IR	09.04.2015	Ingar Breilid
Årsmøte	Høyanger IR	09.04.2015	Ingrid Narum
Idrettskonferansen	Skei / S&Fj. idrettskrins	11.04.2015	Styret / adm.
Dialogmøte	Oslo / NIF	15.04.2015	Nils R. Sandal
Årsmøte	Luster IR	15.04.2015	Ingrid Narum
Årsmøte	Bremanger IR	16.04.2015	Ingrid Narum
Årsmøte	Selje IR	16.04.2015	Ruth-Sølvi Helland
Krinsleiar møte	Trondheim / NIF	17.04.2015	Sandal / Leversund
«Løveleikane»	Sogndal IL	09.05.2015	Ingrid Narum
Styremøte Idrettssenteret AS	Sogndal	10.05.2015	Sandal / Leversund
Årsmøte	Flora IR	21.05.2015	Anne Leversund
Opning Hafstadparken	Førde	31.05.2015	Sandal / Leversund
Årsmøte	Vik IR	02.06.2015	Ingrid Narum
Idrettstinget	Trondheim / NIF	5.-7.06.2015	Sandal / Heimdal / Helland / Leversund
Krinsting	S&Fj. Skikrins	06.06.2015	Ingar Breilid
Kick off Jr. NM Byrkjelo	Sandane	09.06.2015	Leversund/ Breilid / Narum
Samling Jubileumsgåve NIF	Gardermoen	15.06.2015	Ingrid Narum

Kommunesamling, spelemidlar	Førde	18.06.2015	Anne Leversund
Møte Olympiatoppen	Førde	22.06.2015	Sandal / Helland / adm.
Landskamp handball	Sandane / NHF Region Vest	18.07.2015	Nils R. Sandal
Møte vedr. idrettsanlegg	Sogndal	13.08.2015	Anne Leversund
Jr. NM Byrkjelo	Byrkjelo	14.-16.08.2015	Nils R. Sandal
Hovudkomitemøte EM-vektløfting 2016	Førde	18.08.2015	Nils R. Sandal
Kulturseminar LO	Førde	01.09.2015	Nils R. Sandal
Fagmøte særkrinsane/regionane	Skei	16.09.2015	Heimdal / Helland / Heien / adm.
Ekstraordinært årsmøte	Lærdal IR	17.09.2015	Ingrid Narum
Krinsleiar møte	Molde / NIF	18.-20.9.2015	Sandal / Leversund
Klubb-besøk	Sandane T&IL	20.09.2015	Ingrid Narum
Møte Sparebankstiftinga	Førde	21.09.2015	Sandal / Leversund
Dialogmøte IR Nordfjord	Nordfjordeid	22.09.2015	Ingrid Narum
Dialogmøte IR Sunnfjord/Ytre Sogn	Førde	29.09.2015	Sandal / Leversund / Narum
Dialogmøte IR Sogn	Sogndal	30.09.2015	Leversund / Narum
Krinsting	S&Fj. Bandykrins	01.10.2015	Arve Heimdal
Klubb-besøk	Florø SK	07.10.2015	Ingrid Narum
Klubb-besøk	Fjellhug/Vereide IL	13.10.2015	Ingrid Narum
Arbeidsgruppemøte Regional plan	Skei	22.10.2015	Anne Leversund
Stimulerings- og trenarseminar	Sandane / S&Fj. idrettskrins	24.10.2015	Sandal / Heimdal / Heien / Leversund/ Narum / Breilid
Klubb-besøk	Balestrand IL	26.10.2015	Ingrid Narum
Utviklingsforum/fagdag	Oslo / NIF	29.-30.10.2015	Ingrid Narum
Økonomidag	Oslo / NIF	03.11.2015	Erling Benjaminsen
Dialogmøte	Oslo / NIF	05.11.2015	Nils R. Sandal
Hovudkomitemøte EM-vektløfting2016	Førde	10.11.2015	Nils R. Sandal
Klubb-besøk	Aurland IL	10.11.2015	Ingrid Narum
Regionsting	NVBF Region S&Fj.	11.11.2015	Ingrid Narum
Grenselaus idrettsdag	Førde	14.11.2015	Helland/ Leversund/Narum
Klubb-besøk	Florø SK	18.11.2015	Anne Leversund
Krinsting	S&Fj. Fotballkrets	28.-29.11.2015	Arve Heimdal
Klubb-besøk	Svint IL	30.11.2015	Ingrid Narum
Fellesforum	Oslo / NIF	02.12.2015	Anne Leversund
Forum for fysisk aktivitet i Sogn og Fj.	Sogndal / S&Fj. fylkeskommune	11.12.2015	Anne Leversund

### 1.1.5 Idrettens hus

Sogn og Fjordane idrettskrins held til på «Idrettens hus» i Concordbygget i Førde. Lokala er del av eit sameige/eigarseksjon i eit større næringsbygg sentralt i Førde. Eigarseksjonen er eigd av Sofik AS, som er 100 % eigd av Sogn og Fjordane idrettskrins.

Forutan idrettskrinsen sine egne tilsette disponerer NHF region vest, S&Fj. friidrettskrins, NVBF region S&Fj. og S&Fj. skikrins kontorplass på Idrettens hus.

Pga. høge felleskostnader i sameiget, leiger Sofik AS ut i underkant av 50 % av arealet i eigarseksjonen til eksterne leigetakarar. Sogn og Fjordane idrettskrins leiger det resterande arealet av Sofik AS. Potensiale for utleige er større, men pga. utforminga av eigarseksjonen krev dette i så fall ei større ombygging/investering.

Styreleiar og organisasjonssjef er styreleiar og dagleg leiar i Sofik AS.

### 1.1.6 «Årets frivillig i fylket»

Idrettskrinsstyret innstifta i 2014 ein pris for å heidre dei som har gjort ein stor frivillig innsats for idrettslaget sitt og lokalmiljøet sitt.

Kriteria som ligg til grunn for vurdering av kandidatar er:

- Vedkomande har gjort ein solid innsats over fleire år
- Positive haldningar og lever opp til idretten sine kjerneverdier; glede, helse, fellesskap og ærlegheit
- Solidaritet og lojalitet
- Legg vekt på samhandling og trivsel
- Ein ekstraordinær innsats for lokalmiljøet
- Markert seg ekstra som leiar, trenar eller med andre frivillige oppgåver
- Har god idrettskompetanse gjennom skulering og/eller lang erfaring

Idrettslag, idrettsråd og særkrinsar/regionar kan nominere kandidatar.

#### **Anders Fortun frå IL Fanaråk vart tildelt prisen for 2014 under Idrettskrinstinget på Sandane.**

Grunngeving for tildelinga:

*Anders har vore dagleg leiar for Sognefjellet Sommarskisenter i 30 år og no styremedlem. Han har gjennom åra lagt ned ein stor innsats på å preparere skiløyper for at alle løparar, frå klubbloparar til landslagsutøvarar, skal ha optimale treningsforhold, og utvikla stor kunnskap om korleis ein kan bruke salt for å skape optimale skiløyper. På frivillig basis har han halde kurs for å lære andre om salting av skiløyper.*

*Han har vore engasjert som mangeårige leiar i idrettslaget, trenar i friidrett og langrenn, krinstrenar i langrenn og sitte som nestformann i Sogn skikrets i ein periode, og vore engasjert i Sogn skisenter i styret og i dugnad.*

*Anders har på frivillig basis vore leiar/ansvarleg og primus motor for ulike arrangementet som Fanaråken Duathlon/ Fanaråken Opp, Tinderittet, NM Telemark 2005 og NM Motbakkeløp 2007.*



#### **Olav S. Egge frå Breimsbygda IL vart tildelt prisen for 2015 under Idrettskonferansen på Skei.**

Grunngeving for tildelinga:

*Olav har hatt verv og roller innanfor ein stor breidde av aktiviteten til laget og vore sjølv grunnmuren på idrettslaget.*

*Han viser stor glede og entusiasme i sitt arbeid som alltid har vore gjennomført på dugnad, og inspirerer og motiverer dei rundt seg med sitt gode humør og evne til å samarbeide.*

*Store prosjekt og arrangement har vore ein del av kvardagen til idrettslaget og Olav sidan oppstarten. Oppstart av idrettskulen, Byrkjelo Games, hovud-NM i friidrett, utbygging av anlegg med servicebygg på Utvikfjellet, kjøp av skitrekket på Utvikfjellet, rehabilitering av Reed Stadion og stadionbygg på Byrkjelo Stadion er noko av det som har skjedd i åra som har gått. Dei seinare åra motbakkeløpet Eggenipa Opp der Olav er ein primus motor.*



**Vi gratulerer velfortente prisvinnarar!**

## 1.2 Idretten – lov og organisasjon

Idrettskrinsen har eit dagleg oppfølgingsarbeid overfor idrettslag og idrettsråd på lovtekniske og ulike forvaltningsmessige sider ved organisasjonsarbeidet.

Av konkrete oppgåver knytt til området tek vi med:

- Deltaking i NIF sine skuleringsseminar i sakshandsaming og lov- og domspørsmål.
- Oppdatering av lover for idrettslag og idrettsråd med rettleiing i høve praksis.
- Rettleiing i høve kjønnsbalanse i organisasjonsledda sine styre og ved årsmøte.
- Kvalitetssikring av idrettsregistreringa overfor idrettslaga.
- Følgd opp idrettsråda i høve funksjon og ansvarsområde.

## 1.3 Kommunikasjon i organisasjonen


Det er ei stor utfordring for idrettskrinsen å nå ut med informasjon gjennom idrettslaga til målgruppene for ulike tiltak og tilbod.

Idrettskrinsen har i perioden lagt vekt på å styrke informasjonssida med tett oppfølging av nettsida, teke i bruk eige facebook-side og sendt ut regelmessig «Nytt frå Idrettskrinsen» til alle organisasjonsledd.

Oppfordringa ligg i at alle idrettslag, idrettsråd og særkrinsar/regionar distribuerer vidare informasjon til alle sine «elektroniske kontaktar» med dei hjelpemidla for informasjonsspreiing som ein har tilgjengeleg i dag.

## 1.4 Medlemsutvikling

Figuren syner utviklinga i medlemsmassen i Sogn og Fjordane fordelt på kjønn for perioden 1983-2014. Tala er basert på idrettsregistreringa pr. 31.12. (2014 er det siste året det er mogleg å hente ut tal til årsmeldinga).



Medlemstalet i dei 189 idrettslaga var pr. 31.12.14 42919 medlemmar som tilsvarar 39,3% av innbyggjarane i Sogn og Fjordane.

Medlemstalet har hatt ein liten årleg nedgåande tendens frå 2008-2014.

Det er viktig framover at idrettslaga held oppe sitt gode arbeid med å rekruttere medlemmar for å oppretthalde det høge nivået vi har i fylket i høve medlemstal.



## 1.5 Idrettslag – nye lag – strokne lag

Nye idrettslag			
Luster Sykkelklubb	Sunnfjord Idrettslag	NAF Indre Sogn	
Ytre Nordfjord Bueskytterklubb	Sjøspretten IL	Motorsportklubb	
Gloppen Klatreklubb	Sogn Fridykkarklubb	Vågsøy Klatreklubb	
Stad Surfeklubb	Loen Karateklubb		
Strokne idrettslag			
Stryn Golfklubb	Ingolfur Islandshestlag	Aurland Dykkarklubb	
Nordfjord Aeroklubb	Bremanger Futsal Klubb	Hjønnevåg IL	
Nye grupper			
Bulandet IL	Friidrettsgruppe	Aurland IL	Dykkargruppe
Måløy IL	Triathlongruppe	Eid IL	Skiskyttargruppe
Lærdal IL	Brytegruppe	Solund IL	Frisbeegruppe
Sjøspretten IL	Padlegruppe	Florø T&IF	Volleyballgruppe
Sjøspretten IL	Dykkargruppe	Stryn T&IL	Cheerleading
Tambarskjelvar IL	Triathlongruppe	Feios IL	Biljard
Gaular IL	Handballgruppe	IL Frøy	Biljard
Strokne grupper			
Von IL	Fotballgruppe	Sandane T&IL	Klatregruppa
Eid IL	Orientering	Loen IL	Volleyballgruppe
Sandane T&IL	Motorsportgruppe	Stadlandet IL	Handballgruppe
Årdalstangen IL	Triathlongruppe	Vik IL	Orientering
Sandane T&IL	Symjegruppe	Florø T&IF	Orientering
Namnending			
Årdal Pistolklubb	Endra til:	Årdal Sportsskyttarlag	

## 1.6 Politiattest

Alle personar som skal utføre oppgåver i eit idrettslag, som inneber eit tillits- eller ansvarstillhøve overfor mindreårige, personar under 18 år, eller menneske med utviklingshemming, skal ha vist fram politiattest.

Dette medfører at personar i idrettslag med trenar- og/eller leiaroppgåver og som har direkte kontakt med utøvarar under 18 år eller menneske med utviklingshemming, vil kome inn under ordninga.

I perioden har idrettskrinsen gjennomført oppfølgingsarbeid for å sikre at personar i idrettslaga (som skal ha politiattest) har følgd opp kravet om dette og registrert seg med ein ansvarsperson i idrettsregistreringa.

Idrettskrinsen si oppgåve er å sjå til at idrettslaga er kjent med og har sett i gang ordninga og har oppnemnt eit styremedlem som kontaktperson for politiattest.

Laga si oppgåve er å sikre at alle som etter krava skal ha politiattest, viser fram denne for idrettslaget sin kontaktperson. Dette er ei kontinuerleg oppgåve som krev gode rutinar i laga.

## 1.7 Kompensasjonsordningar for meirverdiavgift

### Momskompensasjon – idrettsanlegg

Den rammestyrt ordning for kompensasjon av meirverdiavgift ved bygging av idrettsanlegg er søknadsbasert og blir forvalta av Lotteri- og stiftelsestilsynet.

År	Løyving frå Stortinget	Tildelt beløp	Tildelt til idrettslag i Sogn og Fjordane
2010	50.000.000,-	14,3 mill	230.464,-
2011	60.000.000,-	26.7 mill	3.554.744,-
2012	61.850.000,-	60.4 mill	1.195.027,-
2013	63.891.000,-	62.3 mill	317.178,-
2014	114.677.000,-	113.8 mill	3.650.900,-
2015	171.900.000,-	171.9 mill	4.224.786,-

### Momskompensasjon - varer og tenester

Formålet med ordninga er å kompensere dei kostnadane som frivillige organisasjonar har til meirverdiavgift ved kjøp av varer og tenester.

Norges idrettsforbund og olympiske og paralympiske komité (NIF) skal forvalte ordninga på vegne av alle sine medlemsorganisasjonar.

Idrettsorganisasjonar med totale driftskostnader < 5 millionar skal berre rapportere eitt enkelt tal, dei totale driftskostnadene til den frivillige og ikkje-fortenestebaserte verksemda.

Dei totale driftskostnadene skal hentast direkte frå det årsmøtegodkjente rekneskapet.

Rapporteringa skal skje til SportsAdmin, idretten sitt eige organisasjonsregister.

Idrettsorganisasjonar med totale driftskostnader > 5 millionar skal søke på eige fastsett skjema vedlagd stadfesting frå revisor. Skjemaset og stadfestinga sendast NIF.

År	Total tildelt	Utbetalt til idrettslag i Sogn og Fjordane
2010	397.860.582,-	1.760.561,-
2011	597.126.429,-	4.141.470,-
2012	619.583.288,-	3.918.371,-
2013	940.966.170,-	5.962.141,-
2014	1.191.554.192,-	7.269.391,-
2015	1.222.201.973,-	6.842.468,-

## 1.8 Grasrotandelen

Med verknad frå 01.01.09 kan fem prosent av det den enkelte spelar for på Norsk Tipping sine spel, bli øyremarka til ein lokal frivillig organisasjon. Ein spelar kan velje ut eit lag vedkomande ønskjer å støtte. Laget får overført ein sum tilsvarende fem prosent av speleinnsatsen utan at det reduserer det den einskilde spelar for eller eventuell premie.

”Grasrotandelen” er eit godt høve for idrettslaga å få direkte støtte til sitt arbeid i lokalmiljøet.

I Sogn og Fjordane er pr. 31.12.15 155 idrettslag/klubbar registrert som grasrotmottakarar.

I 2010 var det utbetalt **kr. 3.867.847** av grasrotandelen til idrettslag i Sogn og Fjordane.

I 2011 var det utbetalt **kr. 4.112.354** av grasrotandelen til idrettslag i Sogn og Fjordane.

I 2012 var det utbetalt **kr. 4.634.730** av grasrotandelen til idrettslag i Sogn og Fjordane.

I 2013 var det utbetalt **kr. 4.550.296** av grasrotandelen til idrettslag i Sogn og Fjordane.

I 2014 var det utbetalt **kr. 4.503.376** av grasrotandelen til idrettslag i Sogn og Fjordane.  
 I 2015 var det utbetalt **kr. 4.763.432** av grasrotandelen til idrettslag i Sogn og Fjordane.

Dei laga som hadde størst utbetaling av grasrotandelen var:

Grasrotandel 2012		Grasrotandel 2013	
Idrettslaget Høyang	237.233	Eid Idrettslag	193.195
Eid Idrettslag	223.596	Idrettslaget Høyang	181.633
Førde Idrettslag	200.610	Førde Idrettslag	179.008
Stryn Turn og Idrettslag	157.335	Idrottslaget Jotun	172.611
Idrottslaget Jotun	149.768	Gaular Idrettslag	154.006

Grasrotandel 2014		Grasrotandel 2015	
Førde Idrettslag	209.383	Førde Idrettslag	234.511
Idrottslaget Jotun	159.971	Florø Sportsklubb	159.029
Gaular Idrettslag	153.505	Idrottslaget Jotun	158.817
Eid Idrettslag	148.274	Gaular Idrettslag	153.971
Sogndal IL Fotball	141.396	Eid Idrettslag	146.734



## 2. AKTIVITET

### 2.0 Innsatsområde

Grunnlaget for arbeidet på ulike innsatsområde i tingperioden, er Strategiplan 2014-2016 Idretten i Sogn og Fj. og Idrettspolitisk dokument 2011-2015 NIF.

Idrettskrinsstyret rapporterer i denne delen av årsmelding tilbake på mål og delmål i Strategiplan 2014-2016. Frå innleiingskapittelet i planen siterer vi følgjande:

*Planen skal gi retning og vere verktøy for idrettskrinsen og organisasjonsledda i idretten sitt arbeid med å vidareutvikle og styrke idrettstilbodet for innbyggjarane i fylket.*

*Ved å løfte saman på tvers av arbeidsdelinga i idretten, kan vi betre løyse ut den beste innsatsen som gir vekst og utvikling for idrettsaktiviteten i fylket.*

Idrettskrinstinget 2014 vedtok gjennom strategiplanen **fire hovudutfordringar** for perioden:

- **Styrka rammevilkår**, finansiering av aktivitet og drift av idretten i Sogn og Fjordane
- **Ungdom**, møte ungdomsgruppa sine behov og ønskje innanfor den organiserte idretten
- **Klubbutvikling**, bygge opp om frivillig innsats og styrka kompetanse i idrettslaget
- **Framtidas utøvarar**, systematisk utvikling av unge utøvarar

Innsatsen i idrettsorganisasjonane i perioden skal avspegle denne prioriteringa og synleggjerast gjennom tilbakemeldinga til idrettskrinstinget.

Redigeringa av dette kapittelet i årsmeldinga er hovudsakleg bygd opp i samsvar med tilsvarende innsatsområde, mål og delmål i som i strategiplan.




Foto: John Roger Meland

## 2.1 Barneidrett

**Mål:** Idrettslaga har eit opent og inkluderande aktivitetstilbod for barn og held oppe nivået på tal deltakarar i aktivitet.

Utvikling i medlemstal og aktivitetstal i aldersgruppa 6-12 år:




Barn, 6-12 år	2010	2011	2012	2013	2014
Medlemstal	9421	8928	9085	9340	9361
Aktivitetstal	14989	15455	15328	15714	15260
Folketal i aldersgruppa	9839	9829	9739	9702	9671
Medlemstal i % av folketal	96 %	91 %	93 %	96 %	97 %
Aktivitetstal i % av folketal	152 %	157 %	157 %	162 %	158 %

Aktivitetstala for aldersgruppa 6-12 år har hatt ein årleg vekst frå 2008-2013, men med ei utflating og ein liten nedgang i 2014. Særidrettane hadde i 2014 15260 aktivitetsmedlemar i denne aldersgruppa. Barn 6-12 år deltek gjennomsnittleg i 1,5 idrettar.

Aktivitetstala syner store prosenttal i høve folketalet då mange i aldersgruppa deltek i fleire idrettar. Høge prosenttal gir uttrykk for allsidig deltaking.



Foto: Stig Aron Kamonen



Det har vore ei jamn auke med aktive jenter i aldersgruppa 6-12 år dei siste åra med stabile tal siste to åra, medan gutar har gått noko ned frå 2013 til 2014. Det er om lag 3 % fleire gutar enn jenter som er aktive i 2014, og for første gang nesten like mange av kvart kjønn.

## Idrettsskular


Utviklingsstøtte 2014	Tilskot	Oppstartstøtte 2014	Tilskot
Hardbagg IL	8500,-	Kvammen IL	11000,-
Utviklingsstøtte 2015	Tilskot		
Hardbagg IL	8500,-		
IL Høyang	8500,-		
IL Vetten	8500,-		

## Deltakartal

Pr. 31.12.14 var det registrert 3443 deltakarar og 57 idrettsskular i Sogn og Fjordane. Dette er 36,8 % av alle barn i aldersgruppa 6-12 år. Her er idrettslaga med idrettsskular i vårt fylke best i landet av idrettskrinsane. Nord-Trøndelag idrettskrets er på andreplass 32,1 %.

Deltakartalet har hatt ein nedgang i 2013 og ein vekst igjen i 2014, medan talet på idrettsskular med registrert aktive har gått opp siste året. 54 idrettsskular har pr. 31.12.14 aktive medlemmar.

## Deltakartal idrettsskule – utvikling:



## Fagutvikling barneidrett - tiltak

Kurslærarkorps barneidrett: Oddvar Flataker  
Synne Aafedt Liljedahl  
Ingrid Narum

Det er gjennomført aktivitetsleiarkurs barneidrett i Solund, Viksdalen og Hyllestad i 2014 og på Byrkjelo, i Hyllestad og Førde i 2015. Det er ellers autorisert 137 barneidrettsinstruktører med godkjent aktivitetsleiarkurs på vgs. idrettsfag.

Synne Aafedt Liljedahl og Ingrid Narum har teke kurslæruddanning for aktivitetsleiarkurs barneidrett i 2014 og 2015.

Idrettskonferansen 2015 «Framtidas idrett i Sogn og Fj.» på Skei 11.04.15 med tema «Barneidrett og retningsval» med følgjande innleiarar:


- Terese Myklebust, Gaular IL
- Øyvind Østrem, Florø SK handball
- Atle Solheim, Selje IL fotball

Fagmøte med særkrinsar/regionar på Skei 09.03.15 med tema «Barneidrett – utvikling – felles utfordringar» og 16.09.15 med tema «organisering og aktivitet i barneidretten» knytt opp til idrettspolitiske føringar i IPD 2015-2019.

## 2.2 Ungdomsidrett

**Mål:** Idrettslaga og særkrinsane/regionane møter ungdomsgruppa sine behov og ønske med sine aktivitetstilbod.


Utvikling i medlems- og aktivitetstal aldersgruppa 13-19 år:



Ungdom, 13-19 år	2010	2011	2012	2013	2014
Medlemstal	8313	8370	8447	8203	8020
Aktivitetstal	10329	10201	9721	9506	9194
Folketal i aldersgruppa	11119	10997	10873	10796	10632
Medlemstal i % av folketal	75 %	76 %	78 %	76 %	75 %
Aktivitetstal i % av folketal	93 %	93 %	89 %	88 %	86 %

Aktivitetstala for ungdomsidretten 13-19 år syner, samla sett for alle idrettane, ei nedgåande kurve frå 2010 til 2014 med 11 % reduksjon i perioden og ein realnedgang på 6,6 % når vi korrigerer for nedgang i fødselstal for ungdomskullet 13-19 år.

I same periode har medlemstala sett i høve innbyggartal halde seg stabil.



**Aktivitetstal i aldersgruppene barn og ungdom, oversikt pr. 31.12.14:**

Aldersgruppe særiddrett	6-12 år	13-19 år	Negativ differanse i %
Aktivitetstal alle idrettar	15260	9194	39,8 %
Fotball	5226	3070	41,3 %
Fridrett	2488	1382	44,5 %
Handball	1694	1041	38,6 %
Ski	2573	1149	55,3 %
Andre særiddrettar	3279	2552	22,2 %

Denne tabellen syner endringar i aktivitetstal frå barn til ungdom og kan gi ein peikepinn på fråfallet frå idrettsaktiviteten. Fråfallstal er derimot ikkje matematiske storleikar. Innretninga i aktiviteten endrar seg mykje frå barn til ungdom og det er ulike årsaker til at ungdom sluttar.





### *Strategi for norsk ungdomsidrett*

## Fagutvikling - aktivitetsutvikling ungdomsidrett

### Fagseminar Ungdomsidrett, Sandane 04.04.14:

«Kva må gjerast for at ungdom held fram lenger med aktivitet i idrettslaget?»

- Ungdomsløftet i norsk idrett v/ Kathrine Godager, rådgivar ungdomsidrett NIF
- Slik tenkjer og arbeider Norges skiforbund med ungdomsidrett v/ Per Elias Kalfoss, NSF
- Ungdomsprosjektet i SFIK v/ prosjektleiar Ann Kristin Grodås

Deltakartal: 40



## Ungdomsprosjektet

Norges idrettsforbund feira sitt 150-års jubileum i 2011. Jubileumsgåva frå regjeringa var på 11 mill. kroner og skulle nyttast til modellar for å utvikle ungdomsidretten.

Idrettskrinsen fekk pr. 22.02.13 innvilga kr. 350 000,- over ein treårsperiode som støtte til prosjektet:

**«Idrettslaget som trivsels-, lærings- og utviklingsarena for jenter 15-19 år»** (under modellen *Ungdomsdreven idrettsaktivitet*).

Prosjektet var treårig, 2013-2015, og vart starta opp pr. 01.03.13 og støtta økonomisk av Norges idrettsforbund, Sogn og Fjordane fylkeskommune og Sparebankstiftinga Sogn og Fjordane med eit totalbudsjett over tre år på kr. 875 000,-.

Prosjekt var organisert med ein prosjektleiar, Ann Kristin Grodås, ein prosjektmedarbeidar, Synne Aafedt Liljedahl, og desse saman med idrettskrinsadministrasjonen utgjorde arbeids- og plangruppe for prosjektet. Prosjektleiar har hatt 20 % stilling. Ho gjekk ut i svangerskapspermisjon 01.08.15. Prosjektet vart jobba vidare med av dei andre i arbeids- og plangruppa. Forskningscenter for trening og prestasjon ved NIH, har gjort ei evaluering av prosjektet og forskingsresultat herfrå vert lagt fram i 2016 under Ungdoms-OL på Lillehammer.

Utfordringa for alle organisasjonsledd ligg i ungdomsløftet frå NIF: ***Korleis få fleire ungdomar til å bli lengre i organisert idrett i idrettslaga.***

Hovudmålet i prosjektet var å bygge ungt leiarskap for jenter, styrke jenterekutteringa og få fleire jenter som trenarar og leiarar. Tilleggsmål var å styrke ungdomsengasjementet på leiarsida samla sett.

I prosjektet vart det lagt opp til å nå mål gjennom systematisk arbeid i utvalde idrettsmiljø/idrettslag og ved sida av tilføre leiarkunnskap generelt for å nå flest mogleg i målgruppa ungdom. Dei utvalde miljøa/laga vart valde ut med sikte på å prøve ut utviklingsmodellar under ulike føresetnader i miljøa (i høve medlemstal, geografi og busetnad).

#### **Målgrupper frå oppstart i prosjektet var:**

- a) eit større fleiridrettslag      Kaupanger IL
- b) eit mindre fleiridrettslag      Viksdalen IL
- c) ein særiddrettsklubb      Eid symjeklubb
- d) ein kommune på tvers av idrettslag i Stryn m/ 8 fleiridrettslag

Virkemiddel var startmøte med ungdomar i laget, oppfølgingsmøte, ungdomsleiarkurs, inspirasjonsmøte i lag/lokalmiljø (i tillegg til prosjektlaga) og mentorordning for jenter og ungdom elles som tok på seg oppfølgingsansvar for eigne tiltak i laget.



## Gjennomførte tiltak i prosjektet:

### Prosjektleiinga:

- gjennomført kurslærarkurs (for å halde «Leiarkurs for ungdom»), arrangør Norges idrettsforbund
- gjennomført ein oppfølgingsmodul «Leiarkurs for ungdom»
- deltaking på prosjektutviklingskurs Norges idrettsforbund
- deltaking i prosjektforum i regi av Norges idrettsforbund på Gardermoen, 2 møter
- utvikla eigen logo for prosjektet
- utvikla eiga nettside/facebook for ungdomsprosjektet
- 25 plan-/arbeidsmøter

### Miljøa:

- presentasjon/involvering av ungdom på skulane (ungdomsskule og vgs.)
- møte med idrettslaga og idrettsrådet i Stryn (presentasjon av prosjektet), utvikla samarbeid med ressursperson i Stryn Turn og IL og ungdomsordføraren i Stryn kommune, involvering i ungdomens kommunestyre, og oppstart av Ung-SIR (Ungdomens idrettsråd i Stryn)
- oppstartsmøte med kvart miljø
- oppfølgingsmøter med miljøa i Stryn og Eid
- involvering og kontaktskaping med aktivitetstiljø for ungdom i Kaupanger og oppstart av «Open hall» med ungdomar i Kaupanger
- «Idrett i skulen» i Viksdalen, 8.-10. klasse deltok på 3 timar med ungdomsidrett med fokus på miljø og bli kjent med ungdomen
- prosjektleiar og medarbeidar har gått inn som mentorar i dei miljøa som er godt i gang, mentorordninga vart utvida til å nytte lokale leiarar som følgde opp den enkelte ungdomen i lagsmiljøet

### Andre miljø:

- gjennomføring av «Lokalt ungdomsløft» i tre lag utanfor prosjektmiljøa (ringverknad av prosjektet) – Vik, Fjaler og Lærdal

### Leiarkurs for ungdom:

- presentasjon av kurset for ungdom i fleire miljø
- planlegging og utlysing av kurset
- gjennomført kurs på Skei 2014 og i Stryn 2015 samt oppfølgingskurs (del 2) To leiarkurs, i 2013 og 2014, vart avlyst pga. for lite påmelde.

### Andre utviklingstiltak knytt til prosjektmåla:

- Temaseminar på idrettskrinstinget, innlegg av prosjektleiar og debatt ang. Ungdomsidretten.
- Planlegging av motivasjonsdag for leiarar og framtidige leiarar i Førde 08.11.14, avlyst pga. for lite påmelde. Her skulle leiarar og framtidige leiarar (ungdom) møtast og få inspirasjon og motivasjon til det arbeidet dei legg ned som frivillig. Det var òg meint å samle ungdom til ein eigen bolk med fysisk aktivitet og nettverksbygging.
- Tre jenter frå prosjektet/tiltak av prosjektet har delteke på funksjonærsamling Ungdoms-OL i Trondheim, Hamar og Lillehammer, arrangert av Norges idrettsforbund.
- fakkemarkering Stryn (før Ungdoms-OL 2016), planleggingsmøter med ungdomar

## Effektar ungt leiarskap jenter:

### 1. Organisasjonsløysingar

- Ungdomens idrettsråd

Ei god organisasjonsform ser vi har teke form i Stryn med Ung-SIR (ungdomens idrettsråd), der 4 jenter sit i styret med Miriam Flo som leiar. Dei har god støtte frå lokalsamfunnet og godt samarbeid med andre ungdomsorganisasjonar, og har fått arrangert fleire vellykka arrangement der ungdom og idrett er i sentrum. Her er det låg terskel å delta. 170 ungdomar var innom ei volleyball turnering ein fredagskveld, der det òg var mange andre aktivitetar som klatring, turn, badminton, straffekonkurranse m.m. Dette er tiltak av, for og med ungdom, og bør absolutt vere til inspirasjon for andre tettstadar med ungdomsskule og vidaregåande skule.



- Ungdomsrepresentant i styret

I Eid symjeklubb er ei jente gått inn som ungdomsrepresentant i styret i Eid symjeklubb.

### 2. Lokalt ungdomsløft

Ein av ringverknadene av prosjektet var eit inspirasjonsmøte, «Lokalt ungdomsløft», som har vore gjennomført i tre lag utanfor prosjektmiljøa.

Her fortalde Ann Kristin og Synne, som arbeidde til dagleg med prosjektet, om erfaringar og nyttige tips til lag og klubbar for å satse på ungdom og vidareutvikle tiltak for ungdom.

Vi ønskjer å fortsette å tilby lag og klubbar desse møta for å kunne dele erfaringar som er gjort i prosjektperioden og for å halde oppe satsinga på ungdomen – både for å skape aktivitet, men òg ungt leiarskap.

**3. Mentorordninga** fungerte godt og ungdomen tok kontakt ved spørsmål om dei trong rådføring. Hovudmål i prosjektet var å bygge ungt leiarskap for jenter, styrke jenterekuttering med fleire jenter som trenarar og leiarar. Ann Kristin og Synne som arbeidde til dagleg med prosjektet, var mentorar for jentene i dei ulike miljøa.

### 4. Andre konkrete effektar:

- «Leiar kurs ungdom 15-19 år», 14 jenter deltok på kurs og oppfølgingskurs i 2014 og 2015. Prosjektarbeidet inkluderte òg oppfølging ovanfor laga/klubbane som har hatt deltakarar på same kurs tidlegare.
- Fakkemarkering i Stryn i samband med Ungdoms-OL 2016. Fleire av ungdomane som har vist engasjement i prosjektet og delteke på ulike tiltak i regi av prosjektet, vart

rekruttert inn i planleggingsgruppa for fakkemarkeringa. Fakkemarkeringa skulle løfte fram det unge idrettsengasjementet som finst i Sogn og Fjordane, og planlegginga og gjennomføringa skulle skje av og med ungdom.

### **Utfordringar, erfaringar og vidare engasjement:**

Andre og tredje året i prosjektet utløyste ei retning og arbeidsmåtar for å engasjere ungdom lokalt inn i idrettsarbeid og til skuleringstiltak. Det var framleis ei utfordring å skape tett kontakt med ungdomane slik at dei vart trygge og fekk den støtta dei trengte til å gjere tiltak. Våre erfaringar er at ungdom treng både stadfesting på at tankar og tiltak er positive.

#### Utfordringar/erfaringar:

- Skape gode relasjonar og tett samarbeid med ungdom i miljøa direkte før ungdomsleiarkurs blir utlyst.
- Legge større vekt på involvering frå dei prosjektengasjerte som mentorar i dei miljøa som er i gang.
- Det er ei utfordring å organisere arbeidet i prosjektet for å nå best mogleg ut og få engasjert ungdomane i idrettslaga.
- Prosjektet må i større grad leggast til rette slik at det blir mindre avhengig av kapasiteten til sentrale tillitsvalde i laget.
- Det er viktig å få unge jenter med som kan ta oppfølgingsansvar frå start i laga som er med i prosjektet. Dette kan vi nå ved å skape arenaer direkte med ungdomane og få definert og fordelt oppgåver/oppfølgingsansvar på andre personar i laga.
- Erfaringane syner elles at ungdomane blir engasjerte og interesserte i dei miljøa som har kome i gang med tiltak i prosjektet.  
På den andre sida er dette nyttige erfaringar då det i seg sjølv er ei hovudutfordring å finne dei gode organiserings- og arbeidsmåtene for å nå ut til ungdomane og for måla i prosjektet.

Vi ser tydeleg fellestrekk med korleis vi har jobba og korleis vi har lykkast med å nå ut i dei ulike miljøa (i nokre tilfelle har vi gått mange omvegar):

- 1) Kontaktperson (enkeltperson som brenn for idrett/ungdom)
- 2) Miljø (rekruttere fleire innan eitt miljø som kan drive prosjektet vidare)
- 3) Aktivitet (konkret aktivitet/sosial setting som samlar fleire til rekruttering)
- 4) Møte (arrangere eit møte med framtidige unge leiarar)
- 5) Danne gruppe/organisering (mentorordning)
- 6) Søknadsprosessar/leiarutdanning
- 7) Utviklingsprosessar i miljøa
- 8) Få tiltak i miljø til å gå av seg sjølv

#### Vidare engasjement:

Prosjektet har rekruttert tre jenter som funksjonærar til Ungdoms-OL 2016. Dei har vore på leiarkurs i Trondheim, Hamar og Lillehammer i 2014 og 2015 med sikte på opplæring som funksjonærar til Ungdoms-OL. Tema for samlingane har vore verdiarbeid og arrangementsleiing. Dette er jenter som har vist engasjement i prosjektet og delteke på leiarkurs for ungdom og/eller på andre tiltak i regi av prosjektet.

Desse er: Elisabeth Vindfjell, Nordfjordeid, Miriam Flo, Stryn, og Ingvild Myrekrok Ruskedal, Høyanger.

Det viktigaste idrettskrinsen og andre regionale organisasjonsledd bør gjere for vidareføring, er å arbeide for organisasjonsløysingar lokalt (sikrar ungdom sitt medansvar i eige idrettsmiljø med reell påverknad på eigen idrettskvardag), med alternativ som:

- styreverv – ungdomsrepresentant (lagsnivå)
- ungdomsutval (lagsnivå)
- ungdomens idrettsråd

### Oppsummert oppnådde mål:

- Om lag 50 jenter er engasjert inn i leiaroppgåver gjennom prosjektet i tiltak og oppgåver med særpreg av, for og med ungdom.
- Det er prøvd ut og etablert ordningar for å sikre ungdomsengasjement ut frå prinsippet av, for og med ungdom og vi nemner spesielt Ungdomens idrettsråd i Stryn.
- Gjennom tiltak i «Lokalt ungdomsløft», «Open Hall» og «Idrettsskule for ungdom» har ungdom synleggjort sin vilje og evne til å bruke eigne ressursar og skape gode, varige aktivitetstilbod for ungdom.
- Tre jenter har gjennom prosjektet engasjert seg i opplæring som funksjonærar til Ungdoms-OL og 12 ungdomar har delteke i plangruppe for fakkemarkeringa i Stryn 22.01.16.
- Mentorordninga har fungert godt både gjennom lokale ordningar og med prosjektleiar/prosjektmedarbeidar som mentorar for jentene i dei ulike miljøa.

Suksesskriterier har vore å engasjere ungdom gjennom lokale tiltak, gi dei eigarskap og ansvar, la dei organisere «seg sjølv» og følgje tett opp over tid. Dette er viktige føresetnader for å bygge ungt leiarskap.

Utfordringane ligg i «tilnærminga», korleis nå ungdom som vil, og gå direkte og utradisjonelle vegar med informasjon og interesseskaping utanom eller i tillegg til idrettslagstyret.

Tilråding til andre som startar liknande prosjekt er å bruke tilstrekkeleg tid og ressursar på god forankring i høve mål og målgruppe, evaluere regelmessig undervegs, «lytte» til behov undervegs og endre.

### «Yngre leiarar»

Ann Kristin Grodås har gått «Utdanning for yngre ledere i idretten» ved Norges idrettshøgskole i perioden 2014-2015 med økonomisk støtte frå idrettskrinsen.

### Ungdomsleiarkurs

Det vart gjennomført «Leiarkurs ungdom 15-19 år» på Skei i 2014 med 16 deltakarar og i Stryn i 2015 med 7 deltakarar. Det vart òg gjennomført oppfølgingssamling etter kvart leiarkurset.

Ann Kristin Grodås og Synne Aafedt Liljedahl har i 2014 teke oppfølgingssamling for kurslærarutdanning for leiarkurset.



## Spissa idrettstilbod i vidaregåande opplæring for potensielle toppidrettsutøvarar

Ordninga med spissa idrettstilbod i vidaregåande opplæring gjeld inntak på grunnlag av dokumenterte ferdigheiter i idrett, og vart sett i gang frå 2012 etter vedtak i hovudutvalet for opplæring i fylkeskommunen med følgjande tilbod:

**Skiskyting, Stryn vidaregåande skule**

**Fotball, Sogndal vidaregåande skule**

**Volleyball, Hafstad vidaregåande skule**

Ordninga har ei elevtalsramme med inntil 15 elevar og inntil fem elevar pr. årstrinn pr. skule. Den økonomiske ramma frå fylkeskommunen er frå 2013 kr. 250 000,- pr. idrett pr. år.

Tilbodet vart evaluert i 2014 i framkant av utlysning av opplæringstilbodet for 2015-2016. Evalueringa av tilbodet viser gode dokumenterte resultat. Langt færre utøvarar reiser ut på toppidrettstilbod i vidaregåande opplæring enn før tilbodet kom i gang, og utøvarane har oppnådd gode idrettslege resultat undervegs og ved fullført vidaregåande opplæring. Vår vurdering er at samarbeidspartane har oppnådd nye og gode samarbeidsrelasjonar og m.a. er dette styrka med dei felles erfaringsmøta vi har hatt mellom skulane og idretten. Ei viktig side ved det spissa tilbodet er samspelet mellom den enkelte skule og idretten, mellom klubben, undervisningsansvarlege og leing på skulen, trenar(ane) og den enkelte utøvar/elev. Så langt er erfaringane at dei faglege miljøa i enkeltidrettane blir sterkare gjennom det spissa tilbodet. Totaltilbodet for utøveren/eleven med trening/utvikling både i og utanfor skuletid, er styrka. Den daglege oppfølginga av utøvar/elev av klubbtrenarar og fagkrefter ved skulane blir lagt godt til rette. Dette siste punktet ønskjer vi best mogleg fokus på òg framover.

Hovudutvalet for opplæring i fylkeskommunen vedtok å vidareføre tilbodet i økonomiplanperioden 2015-2018.



Foto: Tormod Iversen

**Tal søkjarar og inntekne elevar/utøvarar ved dei tre skulane:**

Skuleåret 2014-2015: Søkjarar: 51    Inntak: 39

Skuleåret 2015-2016: Søkjarar: 49    Inntak: 30

Sogn og Fjordane idrettskrins gir tilråding om opptak til fylkeskommunen etter innstilling frå dei tre aktuelle særkrinsane/region.

## Oppfølging av tilbodet

Idrettskrinsen har lagt til rette for erfarings- og dialogmøte mellom skulane og dei aktuelle særkrinsane/region og klubbar. Eit møte er gjennomført 18.11.14 på Skei. På møte deltok òg ein representant for opplæringsavdelinga i fylkeskommunen. Det er planlagt møte 06.01.16.

16.04.15 arrangerte Sogndal vgs. basismeisterskap for elevar på ordninga. Dei tre miljøa hadde eit ønskje om å komme saman ein dag på tvers av idrettane og skulane, og Sogndal vgs. fekk denne gangen utfordringa. Dei arrangerte ein flott og utfordrande dag for elevane, der dei fekk prøve seg i ein basiskonkurranse med utradisjonelle øvingar.

## Ordning med inntak av potensielle toppidrettsutøvarar i vidaregåande skule

Ordninga inntak av potensielle toppidrettsutøvarar på særlege vilkår ved vidaregåande skular i Sogn og Fjordane er ført vidare i perioden.

Idrettskrinsen gir tilråding om inntak til fylkeskommunen etter innstilling frå særkrinsane /regionane.

Skuleår	Idrett	Tal søkjarar	Tal inntekne	Inntak	Skule
2014-2015	Fridrett	3	3	Ididr2 Idrettsfag	Firda vgs
	Friidrett	2	2	Ididr3 Idrettsfag	Firda vgs
	Handball	1	1	Ididr1 Idrettsfag	Firda vgs
	Ski	1	1	Ididr3 Idrettsfag	Firda vgs
	Handball	1	1	Stusp1	Stryn vgs
	Skiskyting	1	1	Stusp1	Stryn vgs
	Ski	3	3	Ididr3 Idrettsfag	Sogndal vgs
	Ski	1	1	Ididr1 Idrettsfag	Sogndal vgs
	Ski	1	1	Strea3 Realfag	Sogndal vgs
	Handball	1	1	Ididr1 Idrettsfag	Sogndal vgs
	Symjing	1	1	Stusp1	Hafstad vgs
2015-2016	Ski	1	1	Ididr2 Idrettsfag	Firda vgs
	Friidrett	3	3	Ididr3 Idrettsfag	Firda vgs
	Fridrett	2	2	Ididr1 Idrettsfag	Firda vgs
	Handball	1	1	Ididr2 Idrettsfag	Firda vgs
	Handball	1	1	Ididr3 Idrettsfag	Firda vgs
	Friidrett	1	1	Elele1	Eid vgs
	Symjing	1	1	Stusp1	Eid vgs
	Friidrett	1	1	Stusp1	Stryn vgs
	Handball	1	1	Stusp1	Stryn vgs
	Handball	1	1	Strea2	Stryn vgs
	Friidrett	1	1	Nanab1	Mo og Øyrane vgs
	Ski	1	1	Ididr2 Idrettsfag	Sogndal vgs
	Ski	1	1	Strea3 Realfag	Sogndal vgs
	Ski	4	4	Idret1 Idrettsfag	Sogndal vgs
	Handball	1	1	Ididr2 Idrettsfag	Sogndal vgs
	Ski	3	3	Stusp1	Hafstad vgs

Tal inntekne utøvarar auka frå 15 for skuleåra 2012/13 og 2013/14 til 40 for skuleåra 2014/15 og 2015/16.



## Samordning av terminlister aldersfastlagde klassar

Idrettskrinsen legg til rette for samordning mellom dei største særiddrettane i fylket. Opplegget med samordning av særiddrettane sine terminlister for aldersgruppa opp til 16 år, er vidareført i 2014 og 2015 med to årlege møte.

Utviklinga har gått i retning av tettare med konkurransar og samlingar over heile året, særleg for dei største idrettane. Dette set store krav om samhandling hjå aktørane, særkrinsar/region og særgruppene i laga, for å legge tilboda slik til rette at utøvarane ikkje treng å velje bort deltaking i fleire idrettar ved kollisjonar.

Vi ser det er behov for meir samhandling og kommunikasjon mellom særiddrettane.

## Prosjektet «Framtidas idrett i Sogn og Fj.»

Eit felles utviklingsprosjekt for idretten i fylket med visjonen «Gode i hop» og mål om ein kunnskaps- og verdibasert idrett med læring, samhandling og utvikling på tvers, òg i lokalmiljøa.

(Framtidas utøvarar var prosjektnamn i utgangspunktet, men er undervegs i utviklingsarbeidet endra til «Framtidas idrett i Sogn og Fj.». jfr. Strategiplan 2014-2016).

### Grunnlaget for prosjektsatsing:

1. Initiativet for eit fellesprosjekt kom i fellesmøte med særkrinsane/regionane 01.02.13 med ønske om å få igang eit arbeid med systematisk utvikling av unge utøvarar. Seinare er dette forankra i ”Strategiplan 2014-2016 Idretten i Sogn og Fjordane” (idrettskrinstingvedtak 05.04.14)
2. Å legge meir til rette for felles utnytting av ressursar og tverridrettsleg innsats for m.a. å følge opp intensjonar i rapporten ”Den norske toppdrettsmodellen 2022” pr. 04.04.13, jfr. særleg kapittel 13.1. og oppfølgingsrapporten pr. 11.04.15 og den norske idrettsmodellen med vekt på:
  - bygge på fagleg og organisatorisk samarbeid og erfaringsutveksling på alle nivå
  - langsiktig og systematisk arbeid med trenar- og utøvarutvikling for sikre etterveksten til toppidretten
  - styrke dei etablerte prestasjonsmiljøa rundt talenta, gjennom systematisk regional og lokal kompetanseheving – «Kortreist kvalitet»
  - ein kompetanse- og verdibasert idrett (dei aktive må møte trenarar og leiarar med god kompetanse og eit solid verdigrunnlag)
3. Elles er følgjande lagt til grunn for vår tenking om utvikling, organsiering og å legge til tilrette for utvikling av kunnskap:
  - ”Nettverksarbeid og læring på tvers mellom særiddrettene er fortsatt en vesentlig del av OLTs grunnfilosofi”, (sitat oppfølgingsrapporten).
  - Kunnskap basert på OLT sin filosofi for utvikling av unge utøvarar.



## «Framtidas idrett i Sogn og Fj.» **Regionalt utviklingsprosjekt**

*Eit utviklingsprosjekt som skal formidle  
den beste av idrettsfagleg kompetanse for  
utvikling av unge utøvarar i fylket.*

### Prosjektmål og intensjonar:

Ein **hovudintensjon** med prosjektet er å tilby kunnskaps- og utviklingstøtte og bygge gode **lokale utviklingsmiljø** i fylket med sikte på styrka **trenar- og leiarkompetanse**, felles- og tverridrettsleg, og å få med fleire unge utøvarar lenger oppover i utviklingstrappa.

Aldersmessige målgrupper: 13-15 år og 16-19 år.

Eitt av måla med utviklingsarbeidet er å formidle kunnskap om og stimulere til treningsmiljø som er prega av utviklings- og meistringsorientering i tråd med Olympiatoppen sine tilrådingar for utvikling av unge utøvarar.

Modellen «**Lokalt utviklingsmiljø**» er sett i gang i Florø og Gloppen, med langsiktig mål om å legge til rette for utvikling av fellesidrettsleg kraftsenter (utøvarar frå fleire idrettar) knytt til vidaregåande skule m/idrettsfag.

Det ligg eit klart potensiale i meir systematisk formidling av lokale og nasjonale fagressursar og fagkunnskap ut til den aktive idretten i fylket.

For betre å realisere dette, er det eit mål i prosjektet å bygge opp faste samhandlingsstrukturar mellom idrettsorganisasjonane i fylket, **Høgskulen i Sogn og Fj. (HiSF) og Olympiatoppen Vest**.

HiSF har eit breitt fagmiljø med høg kompetanse/spisskompetanse og har eit uttala mål om «aktivere» meir av sine kunnskapsressursar inn mot aktiv idrett i fylket.

HiSF v/Rasmus Stokke har òg delteke i utvikling av prosjektet.



**Forum for kompetanseutvikling** er etablert som ein del av prosjektet. Dette er ei nyskaping. Etter vår vurdering vil forumet òg vere ei viktig nyvinning for å nå mål om strukturelt og fagleg samarbeid på tvers i idretten og med andre samarbeidspartar med samanfallande mål og interesser, som Høgskulen i Sogn og Fjordane og Sogn og Fjordane fylkeskommune.

Idègrunnlaget for forumet er henta frå Forum barnehage- og skuleutvikling i Sogn og Fjordane, som etter lang tids virke, blir sett på som ein av grunnane til dei gode skuleresultata i fylket målt i nasjonal samanheng.

### Forum for kompetanseutvikling idretten i Sogn og Fj.

#### Mål:

- å fremje god, heilskapleg kompetanseutvikling i idrettslaga
- ha ein felles samhandlingsarena for idrett og utviklingsarbeid
- arbeide for tverrfagleg og tverrsektorielt samarbeid der det er felles, gjensidige mål

#### Deltakarar i forumet:


Pia Mørk Andreassen,  
Kari Aaberge/Wiggo Hustad,  
Atle Skrede,  
Hallvard Thomassen,  
Kristin Sandal,  
Leiv Tvinnereim,  
Arve Heimdal,  
Anne Leversund,  
Ingrid Narum,  
Ingar Breilid,

Olympiatoppen Vest  
Høgskulen i Sogn og Fj.  
Sogn og Fj. fylkeskommune  
Lærdal idrettslag  
Sogn og Fj. Skyttarkrins  
Sogn og Fj. Skiskyttarkrins  
Sogn og Fj. idrettskrinsen, styret  
Sogn og Fj. idrettskrinsen, organisasjonssjef  
Sogn og Fj. idrettskrinsen, plan- og utviklingsleiar  
Sogn og Fj. idrettskrinsen, prosjektleiar

<b>”FRAMTIDAS IDRETT I SOGN OG FJ.”</b>	
<b>Prosjektutvikling – Tiltak 2015:</b>	
<ul style="list-style-type: none"> <li>• Arbeidsgruppemøte hausten 2014 – idrettskrinstyret, drøfting-forankring</li> <li>• Fellesmøte med særkrinsar/regionar</li> <li>• Idrettskonferanse (lag, særiddrettar)</li> <li>• Møte med Olympiatoppen/OLT-Vest-Norge <ul style="list-style-type: none"> <li>○ Trond Skarsem Pedersen, utviklingssjef OLT</li> <li>○ Pia Mørk Andreassen, dagleg leiar OLT Vest</li> <li>○ Morten Ivarsen, fagansvarleg «»</li> </ul> </li> </ul> <p>Deltakarar frå: særkrinsar/regionar, HiSF, idr.kr.styret</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Kompetanseforum møte, Skei</li> <li>• Møte med særkrinsar/regionar, Skei</li> <li>• «Avspark» prosjektet</li> </ul> <p><b>Stimuleringssamling/trenarseminar</b></p> <ul style="list-style-type: none"> <li>▪ med Espen Tønnesen, Olympiatoppen, Vegard Fusche Moe, Christian Frøyd og Ole Erik Grinde HiSF og Trine Lerum Hjellhaug</li> <li>▪ Målgruppe: trenarar, leiarar og utøvarar</li> </ul> <p><b>Lokalt utviklingsmiljø:</b></p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Dialogmøte Florø</li> <li>• Dialogmøte Gloppen</li> <li>• Arbeidsgruppemøte Florø</li> <li>• Arbeidsgruppemøte Gloppen</li> <li>• (Inspirasjonskveld for Florø-idretten m/Olympiatoppen)</li> </ul> <p><b>Ressursgruppe fagutvikling</b></p> <p><u>Samansetning:</u> Leiv Tvinnereim, Kristin Sandal, Arve Heimdal, Ingrid Narum, Ingar Breilid</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Møte Sandane</li> </ul>	<p>09.03.15</p> <p>11.04.15</p> <p>22.06.15</p> <p>16.09.15</p> <p>16.09.15</p> <p>24.10.15</p> <p>19.10.15</p> <p>21.10.15</p> <p>01.12.15</p> <p>(11.01.16)</p> <p>10.11.15</p> <p>30.11.15</p>

## 2.3 Vaksenidretten

Utvikling i medlems- og aktivitetstal aldersgruppa over 20 år:



Voksne 20+	2010	2011	2012	2013	2014
Folketal i aldersgruppa	79057	79689	80377	80894	81423
Medlemstal	24378	24880	24138	24177	23646
Aktivitetstal	20164	20851	19635	19449	19152
Medlemstal i % av folketal	31 %	31 %	30 %	30 %	29 %
Aktivitetstal i % av folketal	26 %	26 %	24 %	24 %	24 %

## 2.4 Idrett for funksjonshemma

**Mål:** Fleire funksjonshemma får informasjon, finn og nyttar eit godt tilrettelagt lokalt aktivitetstilbod.

Idrettskrinsen samarbeider med fagkonsulent NIF - region vest, Thea Lunde Christiansen, om å legge til rette for kompetansetiltak og samordne arbeidet med kompetanse med særiddrettar der det er behov.

Lokal aktivitet for funksjonshemma er avhengig av ulike interessepartar i eit samspel mellom brukar/utøvar, idrettslag og særiddrettar og kommunen.

På aktivitetssida har særkrinsane/særforbunda ansvar og skal vere pådrivarar ovanfor idrettslag og lokalmiljø for å få i gang aktivitet.

Gode dømme på aktivitetstilbod frå særkrinsar/idrettslag er:

- Årlege ski- og snøsamlingar for deltakarar med funksjonshemming i regi av S&Fj. Skikrins

- «Byrkjeloleikane» - ein aktivitetsdag for deltakarar med utviklingshemming. Arrangert i samarbeid mellom S&Fj. Fotballkrets, S&Fj. Friidrettskrins, Sogndal United og Breimsbygda IL.
- «Løveleikane» - ein aktivitetsdag for deltakarar med utviklingshemming. Arrangert i samarbeid mellom trimgruppa i Sogndal IL og Lions Club Sogndal
- Sogndal United har trimtilbod for utøvarar med utviklingshemming i regi av trimgruppa i Sogndal IL
- Førde United har aktivitetstilbod for utøvarar med utviklingshemming og er med i seriespel og turneringar i handball og fotball

Aktivitetsleiarkurset «Tilrettelegging for menneske med funksjonshemming» vart arrangert på Byrkjelo 12.03.15 med 20 deltakarar i samarbeid mellom idrettskrinsen og NIF.

Ruth-Sølvi Helland har i 2015 teke kurslærerutdanning på området idrett for menneske med funksjonsnedsetting.

Idrett for funksjonshemma og «Grenselaus idrettsdag» vart presentert for elevar på idrettsfag ved på Flora vgs. 25.08.15 ved fagkonsulent NIF - region vest, Thea Lunde Christiansen, og Ingrid Narum, idrettskrinsen.

### «Grenselaus idrettsdag»

«Grenselaus idrettsdag» vart arrangerte i Førde 15.11.14 og 14.11.15, ein idrettsdag for deltakarar med utviklingshemming i alle alder med fokus på idrettsglede, meistringsopplevingar og utprøving av ulike idrettar.

Idrettsdagen vart arrangert i eit samarbeid mellom idrettskrinsen, NIF, Flora vgs. idrettsfag og Nav Hjelpemiddelsentral Sogn og Fjordane. I tillegg var det idrettslag som stilte opp med utstyr og instruktørar.

I 2014 var det over 50 deltakarar og i 2015 omlag 60 deltakarane frå 14 kommunar i fylket.



## 2.5 Inkludering

**Mål:** Deltaking frå underrepresenterte grupper skal aukast slik at deltakinga speglar mangfaldet i samfunnet.

Idrettslag legg til rette fysisk aktivitet for innvandrargrupper i samarbeid med kommunar.

Idrettslaga over heile landet blei hausten 2015 oppfordra til å søke om midlar frå NIF sitt flyktningfond, der dei kunne søke på inntil kr 25 000,-.

Flyktningfondet skal stimulere idrettslag til å invitere til organisert aktivitet i idrettslag for nyleg busette flyktingar eller på mottak. Målet med fondet er å gi ein meningsfull oppleving gjennom idrett som aktivitet på mottak for asylsøkande, rekruttere fleire medlemmar med minoritetsbakgrunn til idrettslaga som utøvarar, trenarar og leiarar, og inspirere til inkluderande idrettslag.

Fem idrettslag frå Sogn og Fjordane søkte om midlar i 2015. Desse var Svint IL, Fjaler symjeklubb, Eid IL, Florø SK handball og Vik IL.

NIF lanserte vinteren 2014 idrettslagsbrosjyren «Bli med» på ni ulike språk som informasjonsmateriell til bruk for idrettslaga. Idrettslagsbrosjyre fortel kva eit idrettslag er, kva ein kan vere med på og korleis bli medlem. Brosjyren er distribuert ut til ulike miljø.


## 2.6 Kompetanseutvikling

**Mål:** Medlemsorganisasjonane har ein framtidsretta og ansvarleg organisasjon med kvalitativt gode idrettstilbod sikra gjennom eit planmessig utdannings- og utviklingsarbeid.

### KLUBBUTVIKLING

*Alle utviklingstiltak som kan føre ein klubb, eit idrettslag eller gruppe frå ein **no-situasjon** til ein **framtidig ønska situasjon***

*Vi analyserer status i klubben ved hjelp av Organisasjonshjulet*



Nettverksmedarbeidarar; kurslærarar, klubbrettleiarar			
Oddvar Flataker	Barneidrett	Helge Løtuft	Klubb utvikling
Synne Aafedt Liljedahl	Barneidrett	Narve Heggheim	Klubb utvikling
Ingrid Narum	Barneidrett	Arve Heimdal	Klubb utvikling
Synne Aafedt Liljedahl	Ungdomsleiarkurs	Erling Benjaminsen	Klubb utvikling
Ann Kristin Grodås	Ungdomsleiarkurs	Ingar Breilid	Klubb utvikling
Jo Inge Gåsvær	Coaching	Ingrid Narum	Klubb utvikling
Ruth-Sølvi Helland	Idrett for funksjonshemma		

## Klubb utvikling tiltak

Klubb utvikling 2014-2015	Tiltak		Tiltak
Klubb-besøk	14	KlubbAdmin	6
Klubb utviklingsprosessar (start- og eller oppfølgingsmøte)	17	Kurset Økonomistyring og rekneskap	1
«Klubbens styrearbeid i praksis»	11	Andre kurs/tiltak: Temamøte barn	2
Nettverks- og klubbrettleiarsamlingar	1	Temamøte/planprosess ungdom Konflikthandtering i idrettslag	14 1

## Idrettsråds utvikling tiltak

Idrettsråds utvikling 2014-15	Tiltak		Tiltak
Idrettsrådsbesøk – årsmøte, med temainnslag	26	Idrettsrådssamlingar: IR i Nordfjord, Eid	1
Idrettsrådsbesøk med temainnslag	3	IR i Sunnfj./Ytre Sogn, Førde IR i Sogn, Sogndal	1 1
Temakurs: Idrettsrådet - Ansvar og oppgaver	3		
Idrettsrådet - Kommuneplanlegging	6		
Idrettsrådet - Lokal idrettspolitik	13		
Idrettsrådet - Anleggplanlegging	1		

## Kompetansetiltak 2014/2015

MÅNAD	DATO	AKTIVITET 2014
Januar	8.	Møte ungdomsprosjektet
Januar	8.	Oppfølgingsmøte klubb utvikling, Lærdal IL
Januar	8.	Klubb-besøk Flora Hestesportsklubb
Januar	14.	Klubb-besøk/infomøte ungdomsprosjektet, Stryn
Januar	17.-18.	Aktivitetsleiarkurs barneidrett, Solund
Januar	21.	Klubbens styrearbeid i praksis, Vik IL



Januar	21.	Startmøte klubb utvikling, Vik IL
Januar	23.	Startmøte ungdomens idrettsråd, Ung-SIR, Stryn
Januar	28.	Oppfølgingsmøte ungdomsprosjektet, Eid SK
Januar	31.-1.2	Aktivitetsleiarkurs barneidrett, Viksdalen
Februar	5.	Møte ungdomsprosjektet
Februar	12.	IR-besøk, Sogndal IR
Februar	24.	Møte spissa satsing vgs, Sogndal
Februar	24.	IR-besøk, Lærdal IR
Februar	25.	IR Ansvar og oppgaver, Vik IR
Februar	25.	Oppfølgingsmøte klubb utvikling, Vik IL
Februar	28.	Dagseminar Sogndal
Mars	5.	KlubbAdmin Førde
Mars	11.	Oppfølgingsmøte klubb utvikling, Vik IL
Mars	12.	IR-besøk, Gloppen IR
Mars	12.	Møte ungdomsprosjektet
Mars	14.	Klubbens styrearbeid i praksis, IL Høyang
Mars	19.	IR-besøk, Førde IR
Mars	20.	Klubb-besøk Flora Hestesportsklubb
Mars	20.	IR-besøk, Stryn IR
Mars	21.-23.	Ungdomsleiarkurs del 1, Skei
April	2.	IR-besøk, Årdal IR
April	4.	Fagseminar Idrettskrinstinget, Sandane
April	10.	IR-besøk, Fjaler IR
April	28.	IR-besøk, Luster IR
April	29.	IR-opplæring, Lærdal IR
Mai	5.	Klubbens styrearbeid i praksis, Flora Hestesportsklubb
Mai	7.	Klubbens styrearbeid i praksis, Bremanger IL
Mai	7.	IR-besøk, Selje IR
Mai	8.	Oppfølgingsmøte, Ung-SIR
Mai	19.	Klubbens styrearbeid i praksis, Flora Motorsportsklubb
Mai	21.	Oppfølgingsmøte klubb utvikling, Haugen IL
Mai	26.	Fag- og terminlistemøte sk/reg., Førde
Mai	28.	Møte ungdomsprosjektet
Juni	6.	Ungdomsleiarkurs del 2, Skei
Juni	11.	IR Ansvar og oppgaver, Bremanger IR
Juni	16.	Oppfølgingsmøte ungdomsprosjektet, Kaupanger IL
Juni	17.	Møte ungdomsprosjektet
Juni	26.	IR-besøk, Flora IR
August	26.	Møte ungdomsprosjektet
August	28.	IR-besøk, Bremanger IR
September	10.	Startmøte TRIM I Lag, Lærdal
September	11.	Startmøte TRIM I Lag, Florø
September	19.-20.	Styreseminar idrettskrinsen, Skei
September	26.	Oppfølgingsmøte TRIM I Lag, Florø
September	30.	Stavgangkurs Askvoll
Oktober	1.	Oppfølgingsmøte TRIM I Lag, Lærdal
Oktober	1.	Møte arbeidsgruppe, prosjekt framtidens utøvarar
Oktober	13.	Klubbens styrearbeid i praksis, IL Fanaråk
Oktober	15.	Klubb-besøk Vik IL

Oktober	15.	Dialog-/infomøte Vågsøy IR
Oktober	15.	Stavgangkurs Lærdal
Oktober	15.	Stavgangkurs Lærdal IL
Oktober	20.	KlubbAdmin Eid
Oktober	21.	Møte arbeidsgruppe, prosjekt framtidens utøvarar
Oktober	27.	Mediastrategi-kurs sk/reg./idrettskrinsen, Førde
November	4.	Klubbens styrearbeid i praksis, Florø T&IF
November	10.	KlubbAdmin Sogndal
November	11.	Møte ungdomsprosjektet, Førde
November	12.	Oppfølgingsmøte klubb utvikling, Haugen IL
November	12., 14.	Stavgang leiarkurs, Lærdal
November	15.	Grenselaus idrettsdag, Førde
November	17.	Fag- og terminlistemøte sk/reg., Førde
November	17.	Temamøte barneidrett, Kyrkjebø IL
November	18.	Dialogmøte spissa idrettstilbod vgs, Skei
November	19.	Oppfølgingsmøte klubb utvikling, Lærdal IL
November	20.	Idrettsrådsbesøk/årsmøte Vågsøy IR
November	27.	Stavgangkurs Florø
November	27.	Stavgangkurs Florø
November	27.	Økonomikurs Skyttarkrinsen
Desember	2.	Nettverkssamling, Skei

<b>MÅNAD</b>	<b>DATO</b>	<b>AKTIVITET 2015</b>
Januar	6.	Klubbens styrearbeid i praksis, Lærdal IL
Januar	9.-10.	Aktivitetsleiarkurs barneidrett, Byrkjelo
Januar	16.-17.	Aktivitetsleiarkurs barneidrett, Hyllestad
Januar	20.	Klubbens styrearbeid i praksis, Gaular IL
Januar	22.	Temamøte barneidrett, Askvoll IL
Februar	5.	Klubb-besøk Tambarskjelvar IL
Februar	24.	IR-besøk, Sogndal IR
Mars	3.	IR-besøk, Eid IR
Mars	3.	Klubb-besøk, Lærdal IL
Mars	4.	Klubb-besøk, IL Modig
Mars	4.	IR-besøk, Stryn IR
Mars	9.	Felles fag-og dialogmøte sk/region, Skei
Mars	11.	IR-besøk, Askvoll IR
Mars	12.	Kurs tilrettelegging for funksjonshemma, Byrkjelo
Mars	17.	Klubb-besøk, Florø SK
Mars	24.	Møte ungdomsprosjektet, Skei
Mars	24.	IR-besøk, Gloppen IR
Mars	25.	KlubbAdmin Naustdal
Mars	26.	IR-besøk, Årdal IR
April	9.	Møte fylkeskommunen, kommune og idretten, Hyllestad
April	9.	IR-besøk, Høyanger IR
April	9.	IR-besøk, Fjaler IR
April	10.-12.	Ungdomsleiarkurs del 1, Stryn
April	11.	Idrettskonferansen, Skei
April	13.	Kurs tilrettelegging for funksjonshemma, Florø
April	15.	IR-besøk, Luster IR
April	16.	IR-besøk, Bremanger IR

April	16.	IR-besøk, Selje IR
April	21.	Møte fylkeskommunen, kommune og idretten, Luster
April	22.	Møte fylkeskommunen, kommune og idretten, Lærdal/Årdal/Aurland
Mai	18.	IR-besøk, Lærdal IR
Mai	19.	Fag- og terminlistemøte, Førde
Mai	19.	Fellesmøte idrettslag og idrettsrådet, Årdal
Mai	20.	Møte forum for kompetanseutvikling, Skei
Mai	20.	KlubbAdmin Askvoll
Mai	21.	IR-besøk, Flora IR
Mai	26.	Klubbens styrearbeid i praksis, Jølster IL
Juni	2.	Møte fylkeskommunen, kommune og idretten, Vik
Juni	2.	IR-besøk, Vik IR
Juni	3.	Møte fylkeskommunen, kommune og idretten, Balestrand
Juni	6.	Ungdomsleiarkurs del 2, Førde
Juni	10.	Møte ungdomsprosjektet, Skei
Juni	16.	Møte ungdom fakkemarkering, Skei
Juni	22.	Dialogmøte idrettsutvikling OLT/HiSF, Førde
Juni	22.	Dialogmøte sk/reg., OLT/HiSF, Førde
August	13.	Lokal idrettspolitikk/anlegg, Sogndal kommune
August	25.	Møte idrett for funksjonshemma, Florø
September	2.	Klubbens styrearbeid i praksis, Dale
September	8.	Møte fylkeskommunen, kommune og idretten, Solund
September	15.	Møte ungdom fakkemarkering, Stryn
September	16.	Møte forum for kompetanseutvikling, Skei
September	16.	Felles fag-og dialogmøte sk/region, Skei
September	17.	IR-besøk, Lærdal IR
September	20.	Klubb-besøk Sandane Turn & IL, Idrettsmerkearr.
September	21.	IR-samling Nordfjord, Eid
September	24.	KlubbAdmin Hafslø
September	29.	IR-samling Sunnfjord/Ytre Sogn, Førde
September	30.	IR-samling Sogn, Sogndal
Oktober	7.	Klubb-besøk Florø SK
Oktober	13.	Klubb-besøk Fjellhug/Vereide IL
Oktober	14.	Oppfølgingsmøte klubb utvikling, Haugen IL
Oktober	14.	Temakurs, Vik IL
Oktober	16.-17.	Aktivitetsleiarkurs barneidrett, Førde
Oktober	19.	Lokalt utviklingsmiljø Flora, dialogmøte
Oktober	21.	Lokalt utviklingsmiljø Gloppen, dialogmøte
Oktober	22.	Møte ungdom fakkemarkering, Stryn
Oktober	24.	Stimulerings- og trenarseminar Sandane
Oktober	26.	Klubb-besøk Balestrand IL
November	10.	Dialogmøte Aurland IL
November	10.	Møte organisasjonsløysingar, Årdal FK
November	10.	Møte organisasjonsløysingar, IL Jotun
November	10.	Møte organisasjonsløysingar, ÅTIL
November	10.	Møte organisasjonsløysingar, Årdal IR
November	14.	Grenselaus idrettsdag Førde
November	18.	Klubb-besøk Florø SK
November	18.	Møte organisasjonsløysingar, Årdal

November	26.	Møte ungdom fakkemarkering, Stryn
November	27.	Fag- og terminlistemøte, Førde
November	30.	Ressursgruppemøte «Framtidas idrett», Sandane
November	30.	Klubb-besøk Svint IL
Desember	1.	Lokalt utviklingsmiljø Florø, arbeidsgruppemøte
Desember	4.-5.	Aktivitetsleiarkurs barneidrett, Hyllestad
Desember	9.	Startmøte klubb utvikling, Sunnfjord IL
Desember	15.	Møte ungdomsprosjektet, Førde

## Trenarforum

Det er arbeid med i perioden for å vidareføre forum for trenarar i Sogn og Fjordane. Forumet var eit fellestiltak mellom Høgskulen i Sogn og Fj., særkrinsane/regionane og idrettskrinsen med samlingar i 2011 og 2012.

Vi ønskjer å utvikle forumet og legge til rette for at forumet skal vere ein utviklingsarena for trenarar i Sogn og Fjordane med erfarings- og kunnskapsutvikling på tvers av idrettar, og gi tilbod om læringstema på fagområder der trenarane har behov og ønskjer.

## Trenarkurs i særiddrettar (målt i tal elevtimar = timar x tal elevar pr. kurs)

Særkrins	2010	2011	2012	2013	2014
Bandy	180	160			
Fotball	7788	7620	11740	11708	11608
Friddrett	1332	1480	376	736	112
Gym/Turn	380	912	696	1154	1253
Handball	1208	400	740	772	817
Orientering		160			115
Ryttar					
Ski	3728	1842	3116	2587	3885
Skiskyting	512	144	170	320	180
Skyting				60	102
Symjing	214	600	748	300	220
Vektløfting	135	240	380	220	
Volleyball	384	288		144	987
<b>Totalt</b>	<b>15861</b>	<b>13846</b>	<b>17966</b>	<b>18001</b>	<b>19279</b>

NB! Atterhald om kurs vi ikkje har registrert.



## 2.7 Antidopingarbeidet

**Mål:** Idrettsorganisasjonane prioriterer verdiarbeid og fair-play, er tydeleg i si haldning mot doping i alle ledd og tek i vare utøvarane sin rettstryggleik.

Programmet «Rent idrettslag» er eit godt eigna virkemiddel og ein enkel måte for idrettslaget å setje fokus på verdiarbeid og antidoping. Programmet utfordrar laget og deltakarane på å ta stilling til og vise si haldning til doping. Det same gjer programmet «Ren utøver».

[www.rentidrettslag.no](http://www.rentidrettslag.no)

[www.renutover.no](http://www.renutover.no)

Idrettskrinsen har sett som arbeidsmål å informere om «Rent idrettslag» og «Ren utøver» ved ulike møtearenaer der dette er mogleg.

Det er sendt oppfordring til idrettslaga, idrettsråda og særkrinsane/regionane om å gjennomføre programmet og registrerer seg.

Idrettskrinsen fornya sitt sertifikat for «Rent Idrettslag» 19.01.15.

Idrettskrinsen var representert ved Anne Leversund på antidopingseminar på Flora vgs. 28.10.14. Foredragshaldarar var Jan de Lange og Anne-Kristine Aas frå Antidoping Norge.

Antidoping Norge v/Anne-Kristine Aas deltok på styremøte i idrettskrinsen 10.04.15, og på Idrettskonferansen på Skei 11.04.15.

## 2.8 Andre utdannings-/utviklingstiltak

Mål for tiltak har vore å tilføre etterspurt kunnskap med høgt kvalifiserte forelesarar, lære av kvarandre og motivere for samhandling på tvers av særinteresser, miljø og fagfelt.

### Stimulerings- og trenarseminar

**Laurdag 24. oktober 2015, Sandane:**

- «Kvifor vart dei beste best og kva kan vi lære av dei – samspel trenarar og leiarar for å skape eit godt prestasjonsmiljø» v/ Espen Tønnesen, fagsjef ved treningsavdelinga i OLT
- «Høgskulen i Sogn og Fj. – på lag med aktiv idrett i fylket» v/ Vegard Fusche Moe, førsteamanuensis i idrett HiSF
- «Praktisk mental trening i eit komplekst læringsmiljø» v/ Ole Erik Grinde, høgskulelektor HiSF og mental trenar Sogndal Fotball
- «Prestasjonsfysiologi – hjernen og musklar i samspel» v/ Christian Frøyd, førsteamanuensis i idrett HiSF
- «Å gjere kvarandre gode – tankar om det å vere leiar» v/ Trine Lerum Hjellhaug, adm. direktør Lerum A/S og leiar Kaupanger IL fotballgruppa

Deltakartal: 37

## Idrettskonferansar/fagseminar

### Dagseminar 28. februar 2014, Sogndal:

Målet med seminaret var setje fokus idrettsmiljøet på Campus Fosshaugane, HiSF, idrettsutdanning og idrettsforskning, idrettsarbeidet i fylket og utvikling av unge utøvarar.

Generalsekretær Inge Andersen og leiar i toppidrettsutvalet i NIF, Tom Tvedt, deltok på møtet.

Rasmus Stokke, Atle Sæterbakken, Christian Frøyd og Ole Erik Grinde frå HiSF og Egil Mundal frå Sogndal Fotball heldt innleiingar og presentasjonar.

Førde Volleyballklubb v/Sindre Roska og Vik IL v/Jorunn Åsfrid Røyrvik presenterte sine klubbar med utgangspunkt høvesvis på tema utviklingsstrategi og anleggsutvikling.

Deltakartal: 27

### Idrettskonferansen 11. april 2015 «Framtidas idrett i Sogn og Fj.», Skei:

- «Barneidrett og retningsval»:
  - Kva er god barneidrett? v/ Terese Myklebust, Gaular IL
  - Korleis lukkast vi med rekruttering og å halde barna i miljøet? v/ Øyvind Østrem, Florø SK handball
  - Selje IL spelar på lag med Fair Play v/ Atle Solheim, Selje IL fotball
- «Ungdomsidrett – utvikling av unge utøvarar» v/ Morten Ivarsen, idrettsfagleg ansvarleg Olympiatoppen Vest

Deltakartal: 44

**Suksessformelen!**  
**Hente impulsar og læring på tvers av særiddrettar, interesse, miljø og fagfelt**



Foto: Ola Bergheim

## 3. ORGANISASJON

### 3.1. Idrettslaga og frivillig innsats

**Mål:** Det frivillige arbeidet i idretten er styrka og halde ved lag som den bærande krafta i idrettslaga.

Hjørnesteinane i idretten er idrettslaga. Laga bidreg til å skape bærekraftige lokalmiljø og gode oppvekstvilkår for barn og unge i fylket.

Medlemstalet i dei 189 idrettslaga pr. 31.12.14 var 42919 eller nær 40 prosent av innbyggjarane. Om lag 24500 barn og ungdom i aldersgruppa 6-19 år deltek i idrettslaga sine aktivitetar i fylket.

Frivillig arbeid er ein føresetnad for å ha gode tilbod i alle lokalmiljø. Den største utfordringa vår ligg i å slå ring om frivillig medlemsbasert virke, og ta vare på dei mange eldsjelene.

Frivillig arbeid gir ei ideell verdiskaping, er samfunnsbyggande, skapar fellesskap, gir kompetanse og aukar samfunnet sin sosiale kapital.

Fylket vårt har tradisjon for å vere eit stort dugnadsfylke og det er heilt naturleg å stille opp for fellesskapet. Frivillig sektor er kjenneteikna ved eit mangfald av aktivitetar og lærande organisasjonsarbeid, og utgjer eit viktig byggande element i samfunnsstrukturen vår.

Særleg må innsats med å sikre nye generasjonar av frivillige ha stor merksemd. Som eit døme er det ei stor utfordring å involvere minoritetar/innvandrarakar i tradisjonelt frivillig arbeid.

Den mest avgrensande faktoren for utvikling av aktiviteten i idrettslaga er kapasitet på leiar- og trenarsida. Knappe tidsressursar reduserer moglegheitene til å legge til rette for t.d. meir differensierte aktivitetstilbod på ungdomssida, og er òg avgrensande for trenarakar og leiarar sine moglegheiter til å skaffe seg meir kompetanse. God kompetanse på trenarsida er ein suksessfaktor for å auke rekrutteringa av barn og unge og halde ungdom lengre i organisert aktivitet.

Kompetanseutvikling må vere ei prioritert oppgåve i idrettsorganisasjonane. Idretten har mål om å ha dei mest spennande tillitsverva og gjennom det utvikle leiarar som tør, vil og kan både lokalt, regionalt og nasjonalt.

Inngangsterskelen til trenar- og leiaroppgåver må ikkje vere for høg på foreldre/føresettsida, og rekrutteringa til oppgåver i idretten kan styrkast ved å tilby lågterskel kompetansetiltak.

Målet i Strategiplan 2014-2016 om å arbeide for å gjere kvardagen enklare for idrettslaga er følgd opp m.a. med;

- informasjonstenester, rådgiving og rettleiing
- skulering på styrearbeid i laga
- kurs i elektroniske medlemsregistrering og rapportering
- klubb utvikling/klubb-besøk
- økonomikurs
- erfaringsutveksling og kunnskapsutvikling gjennom fellesmøte for idrettsledda

## 3.2. Idrettsråd

**Mål:** Alle kommunar, der tal idrettslag gir grunnlag for det, skal ha eit velfungerande idrettsråd.

Pr. 31.12.15 er det 16 idrettsråd i fylket. I dei 10 andre kommunane (med få lag) tek det største idrettslaget i vare idrettsrådsfunksjonen.

Idrettsråda har ein viktig idrettspolitisk funksjon som felles talerøyr for idrettslaga inn mot kommunen.

Styra i idrettsråda er elles viktige bidragsytarar i planprosessar med kommunedelplanar for idrett og friluftsliv, ved å sikre areal i samband med offentleg planarbeid og ved bygging av idrettsanlegg.

Andre konkrete oppgåver for idrettsrådet er fordeling av lokale aktivitetsmidlar (LAM) (sjå eige punkt), og prioritering av søknader om spelemidlar og innstilling til løyving av kommunale midlar til idrettslaga.

Idrettsråda har sentrale møteplassar for utvikling av aktivitet i lokalmiljøa. Årsmøta og andre fellesmøte i regi av idrettsråda, er viktige arenaer for dialog og samhandling mellom idrettslaga og styret i idrettsrådet, og med idrettskrinsen.

Idrettskrinsen har følgd opp idrettsråda med rettleiing m.a. i samband med fordelinga av lokale aktivitetsmidlar og samarbeid mellom laga kommunen.

Delmålet om at alle idrettsråd skal ha samarbeidsavtale med kommunen er ikkje nådd.

Pr. 31.12.15 hadde seks idrettsråd inngått avtale og tre idrettsråd var i avtaleprosess. Utfordringa for komande periode er at alle idrettsråd arbeider aktivt saman med kommunen for å inngå slik avtale.

Av særlege oppfølgingssaker overfor idrettsråda har idrettskrinsen i 2015 lagt stor vekt på, i samhandling med Årdal idrettsråd, å finne løysing på ei lengre usemje mellom idrettslaga om organisering av fotballtilboda i Årdal. Utviklingsprosessane i 2015 ga grunnlag for inngått avtale på nyåret 2016.

### Prosjekt «Ein god idrettskommune»

Prosjektet «Ein god idrettskommune - idrettsrådet som pådrivar for idretten i kommunen», er støtta økonomiske med kr. 25 000,- frå Sogn og Fjordane fylkeskommune for 2015. Prosjekt er organisert i administrasjonen i Sogn og Fjordane idrettskrins.

#### Mål for prosjektet:

Gjennom eit kompetanseløft skal idrettsråda i Sogn og Fjordane ha god kompetanse på å:

- organisere og administrere arbeidet i idrettsrådstyret i tråd med lov for idrettsrådet
- ha kompetanse på anleggsplanlegging og søknadsprosessen for spelemidlar til idrettsanlegg
- ha sikra gode samarbeidsrelasjonar til kommunen, m.a. gjennom samarbeidsavtale med kommunen, og status som rådgivande organ for kommunen i idrettssaker
- utviklingsarbeid i barne- og ungdomsidretten og vere pådrivar ovanfor idrettslaga

Tiltak som er sett inn i prosjektet og det daglege oppfølgingsarbeidet frå idrettskrinsen ovanfor styra i idrettsråda, er å sikre at lokalidretten har eit godt fungerande fellesorgan for idrettslaga og ein kompetent samhandlingspart og pådrivar ovanfor kommunen.



Oppfølgingstiltak ovanfor idrettsråda gir òg viktige møteplassar for idrettslaga og bidreg til å sikre dialogen mellom og med styra i idrettsrådet, idrettslaga og idrettskrinsen.

Eitt av måla i prosjektet er å fremje eit fagleg fokus på barne- og ungdomsidretten på tvers av laga i ein kommune. Her er det nødvendig med eit samhandlingsfora for å sikre barn og ungdom sine valmoglegheiter for allsidig deltaking på tvers av særiddrettar.

#### **Gjennomførte tiltak i 2015:**

- 13 idrettsrådsbesøk – årsmøte til idrettsråda
- 2 idrettsrådsbesøk i Lærdal – opprette/sette i gang arbeidet med styret i idrettsrådet
- 3 distriktvis skulerings- og dialogsamlingar for styra i idrettsråda:
  - Nordfjord (Eid), 4 idrettsråd deltok (6 deltakarar)
  - Sunnfjord/Ytre Sogn (Førde), 4 idrettsråd deltok (10 deltakarar)
  - Sogn (Sogndal), 3 idrettsråd deltok (15 deltakarar)Tema på samlingane:
  - Idrettsrådet si rolle og sine oppgåver
  - Utviklingsarbeid i idrettslaga; kva kan vi gjere for vidareutvikle tilboda i barne- og ungdomsidretten?
  - Erfaringsutveksling på tvers av idrettsråda
- Samhandlingstiltak med fylkeskommunen:
  - Igangsetting kommunedelplanprosessar. Møter i 8 kommunar med kommune og frivillig sektor: Hyllestad, Luster, Årdal, Lærdal, Aurland, Vik, Balestrand og Solund.
  - Idrettskrinsen si deltaking arbeidet med og oppfølging av «Regional plan for fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv 2014-2017», har gitt bevisstheit på felles utfordringar i arbeidet med utvikling av idretten i kommunane og effekten av felles utviklings-tenking.
  - Møte med Sogndal kommune, idrettsrådet og idrettslaga. Lokal idrettspolitik/anlegg.
- Informasjon/anna oppfølging frå idrettskrinsen
  - Pådrivararbeid for å sikre målet om at alle idrettsråd har formell samarbeidsavtale med kommunen etter ein felles mal. 6 idrettsråd har avtale og 3 idrettsråd er i prosess med å få avtale på plass.
  - Oppfølging og rådgiving av enkeltidrettsråd ved ulike behov, t.d. fordeling LAM-midlar, talmateriale på omfang i kommunen (medlemstal m.m.), kommune-delplanarbeid.

Etter vår vurdering har innsatsen, styrt av måla i prosjektet, gitt eit løft for denne delen i arbeidet i lokalidretten. Effekten kan m.a. målast gjennom eit auka tal møteplassar med styra i idrettsråda og tilhøyrande lokale idrettslag.

Prosjektet «Ein god idrettskommune» blir vidareført i 2016.

## Medlemar kommunevis og totalt

Kommunar	2012	2013	2014
Askvoll	1076	1062	955
Aurland	658	614	427
Balestrand	591	592	599
Bremanger	1310	1379	1 348
Eid	2922	2899	2 874
Fjaler	1048	893	821
Flora	4746	4519	4 290
Førde	2868	3160	3 185
Gaular	784	904	907
Gloppen	3892	3965	4 029
Gulen	1056	957	964
Hornindal	405	399	376
Hyllestad	385	371	478
Høyanger	1857	1969	1 808
Jølster	1384	1178	1 353
Leikanger	969	1080	1 086
Luster	2154	2387	2 286
Lærdal	1157	1238	965
Naustdal	1147	1374	1 320
Selje	1403	1239	1 210
Sogndal	3544	3660	3 767
Solund	331	284	289
Stryn	3553	3002	3 235
Vik	980	958	1 008
Vågsøy	1525	1622	1 650
Årdal	2040	1782	1 689
<b>Totalt</b>	<b>43 785</b>	<b>43 487</b>	<b>42 19</b>

### Lokale aktivitetsmidlar (LAM)

LAM er spelemidlar etter overskotet frå Norsk Tipping.

Ordninga blei etablert som følgje av stortinget si behandling av St. meld. nr. 27 (1996-97) og tilleggsmeldinga St. meld. nr. 44 (1997-98).

Tilleggsmeldinga om staten sitt forhold til frivillige organisasjonar understreka behovet for å betre rammevilkåra for frivillig, medlemsbasert virke for barn og ungdom.

Målsettinga med tilskotsordninga er å bidra til aktivitet og deltaking i medlemsbaserte foreiningar som driv idrett og fysisk aktivitet for barn og ungdom.

Det er laga sin primæraktivitet som skal støttast og ordninga skal understøtte den frivillige innsatsen i laga.

Idrettsrådet i den enkelte kommune fordeler midlane ut frå vedtekne kriteria.

## Tildelinga av LAM pr. kommune dei siste 3 åra

Kommunar	2013	2014	2015
Askvoll	101 742	122 380	168 406
Aurland	52 089	65 714	90 039
Balestrand	46 655	55 714	75 366
Bremanger	136 780	176 428	243 439
Eid	222 221	279 046	394 171
Fjaler	116 919	140 475	190 749
Flora	441 445	559 045	784 673
Førde	467 302	599 759	840 698
Gaular	105 864	134 761	187 748
Gloppen	205 920	260 951	368 493
Gulen	81 506	104 761	139 394
Hornindal	48 529	59 762	79 368
Hyllestad	49 840	60 000	81 035
Høyanger	153 269	195 475	264 114
Jølster	109 799	140 237	196 085
Leikanger	82 630	105 714	144 062
Luster	177 440	227 856	322 473
Lærdal	73 824	92 380	125 721
Naustdal	97 808	124 761	170 407
Selje	100 430	123 333	164 071
Sogndal	252 388	321 189	448 861
Solund	25 482	31 190	43 686
Stryn	252 201	321 189	447 194
Vik	86 003	109 285	151 399
Vågsøy	204 608	260 237	363 157
Årdal	169 383	208 808	285 790
<b>Sogn og Fjordane</b>	<b>3 862 077</b>	<b>4 880 450</b>	<b>6 770 599</b>

### 3.3. Særkrinsar/regionar i Sogn og Fjordane

Idretten i Sogn og Fjordane er representert med 37 særiddrettar og hadde pr. 31.12.14 45809 aktivitetsmedlemar.


Eit gjennomgåande trekk i perioden er godt samarbeid mellom idrettskrinsen og særkrinsane/regionane, god oppslutnad om fellestiltak for erfaringsutveksling, kompetanseutvikling og samhandling om idrettspolitisk påverknad.

Samhandlingsområde, tiltak, fellesarenaer:

- Fire fagmøte/fagseminar (2014 og 2015)
- Idrettskonferanse (2015)
- Dageseminar Sogndal med NIF (2014)
- Mediestrategi-kurs (2014)
- Dialogmøte Olympiatoppen (2015)
- Spissa idrettstilbod for potensielle toppidrettsutøvarar i vgs.
- Fagmøte/samordning av terminliste aldersfastlagde klassar
- Rullering av «Regional plan for fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv 2016-2019»
- Høyring handlingsprogram 2015-2018 til «Regional plan for folkehelse 2015-2025»

Idrettskrinsstyret og/eller administrasjonen har vore representert på særkrinsane/regionane sine årsting og på andre særkrins-/regionsmøte.

#### Utvikling av aktivitetstal totalt for alle særiddrettane:



Samla for særiddrettane var det pr. 31.12.14 registrert 45809 aktivitetsmedlemar (i ein eller fleire idrettar) og ein nedgang på 857 aktive i fylket samanlikna med 2012.

Det var ein tilvekst på fire særgrupper i idrettslaga, 14 nye og 10 lagt ned.

Det var små variasjonar i aktivitetstala for dei større særiddrettane frå 2012 til 2014. Fotball og ski hadde ein auke i medlemstal, medan friidrett og handball ein reduksjon.

Nokre av dei mindre særiddrettane hadde reduksjon i aktivitetstala i perioden. Rytarkrinsen med 46 % færre medlemmar, golf 22,7 % og orientering med 17 %.

Det var ein vekst i medlemstala for vektløfting (27 %), symjing (32 %), padling (68 %) og motorsport (78 %).

Når vi ser spesifikt på aldersgrupperingar, syner aktivitetstala for ungdomsidretten 13-19 år, samla sett for alle idrettane, ei samanhengande nedgåande kurve frå 2010 til 2014.

Her ligg utfordringa i å snu denne tendensen.

Idretten i fylket har òg ei utfordring med å sikre **mangfaldet** i idrettstilboda.

Dei tradisjonelle sesongidrettane er i ferd med å bli heilårsidrettar òg i barneidretten. Dette får som konsekvens at dei som tidlegare var aktive i fleire idrettar, no må velje idrett altfor tidleg.


Vi må bidra til å oppretthalde breidda i tilboda våre, òg på anleggsida, slik at barn og unge kan velje den idretten som passar dei best.


Det synes òg å vere utfordringar som går på manglande verdiforankring i både barne- og ungdomsidretten. Prestasjonsfokuset overstyrer gjerne fokuset på eigenverdi, oppleving av glede, meistring og deltaking i fellesskapet.

Målet om å oppnå allsidig opplæring og brei basis for barna går ikkje i rett retning. Vi ser at stadig lågare konkurransealder og meir spesialisering i ein idrett er trenden.

Vi må sjå barna og samarbeide på tvers i lokalmiljøet for å legge til rette for dei beste idrettstilboda for barn. Barna treng ei brei og allsidig rørsleerfaring som grunnlag for å bli i idretten og for seinare val av særiddrett.

### Utvikling i aktivitetstal i kvar særiddrett:





### 3.4. Særidrettar og aktivitetstal i Sogn og Fjordane pr. 31.12.14

Idrett	Kvinner					Menn					Totalt
	0-5 år	6-12 år	13-19 år	20-25 år	26-	0-5 år	6-12 år	13-19 år	20-25 år	26-	
Amerikanske idrettar	0	3	2	3	4	0	7	6	8	20	53
Badminton	0	0	9	3	6	0	1	11	3	19	52
Bandy	0	1	8	14	5	0	18	91	58	52	247
Basketball	0	10	0	0	0	0	20	15	4	3	52
Biljard	0	5	7	4	4	0	16	41	22	37	136
Bogeskyting	0	11	5	3	12	0	13	18	13	77	152
Boksing	0	1	0	0	0	0	4	3	4	4	16
Bryting	0	0	0	0	9	0	0	21	9	15	54
Dykking	0	1	5	1	6	0	2	5	7	91	118
Fleiridrett	0	0	35	3	413	0	0	0	0	59	510
Fotball	111	2134	1124	362	912	140	3092	1946	813	2034	12668
Friidrett	345	1248	667	337	1666	353	1240	715	342	1651	8564
Golf	0	19	23	7	369	0	32	101	87	1171	1809
Gym/turn	62	697	202	14	192	70	345	125	10	67	1784
Handball	0	1038	688	81	388	0	656	353	48	217	3469
Hundekøyring	1	2	0	1	8	1	0	0	0	5	18
Judo	0	1	0	0	0	0	24	0	3	7	35
Kampsport	6	103	29	4	29	8	173	60	14	36	462
Kickboksing	0	0	7	0	1	0	0	7	2	4	21
Klatring	11	92	59	30	94	19	71	82	51	137	646
Luftsport	0	0	3	9	5	0	0	3	23	168	211
Motorsport	0	39	11	2	28	6	77	52	42	144	401
Orientering	23	80	21	9	89	17	69	28	9	120	465
Padling	1	8	20	5	126	0	42	18	10	203	433
Rugby	0	0	0	0	0	0	0	2	6	4	12
Ryttar	3	40	247	126	169	0	13	6	4	49	657
Segling	3	21	22	0	30	1	39	33	0	81	230
Ski	339	1211	460	212	825	404	1362	689	370	1355	7227
Skiskyting	3	43	55	28	100	1	49	78	30	155	542
Skyting	0	19	11	17	49	0	30	41	33	400	600
Skøyter	16	81	6	3	23	20	52	17	3	35	256
Styrkeløft	0	0	4	5	8	0	0	8	5	34	64
Sykling	5	22	18	5	151	1	24	75	30	401	732
Symjing	106	259	48	13	114	127	242	69	4	76	1058
Tennis	0	0	0	0	7	0	0	5	6	25	43
Vektløfting	0	10	37	54	31	0	12	74	115	108	441
Volleyball	0	181	295	229	120	0	155	268	142	181	1571
<b>Totalt 37 idrettar</b>	<b>1035</b>	<b>7380</b>	<b>4128</b>	<b>1584</b>	<b>5993</b>	<b>1168</b>	<b>7880</b>	<b>5066</b>	<b>2330</b>	<b>9245</b>	<b>45809</b>

### 3.5. Aktivitetstal for særiddrettane, kommuneoversikt pr. 31.12.14

	Flora	Gulen	Solund	Hyllestad	Høyanger	Vik	Balestrand	Leikanger	Sogndal	Aurland	Lærdal	Årdal	Luster	Askvoll	Fjaler	Gaular	Jølster	Førde	Nausdal	Bremanger	Vågsøy	Selje	Eid	Hornindal	Gloppen	Stryn	Sum
Komm.nr.	1	11	12	13	16	17	18	19	20	21	22	24	26	28	29	30	31	32	33	38	39	41	43	44	45	49	
Amerikanske idrettar																					53						53
Badminton															33			19									52
Bandy	47				38			25	35		18	14	22					23			25						247
Basketball	40																			12							52
Biljard				101														35									136
Bogeskyting	51			12														31	8	18					32	152	
Boksing										16																	16
Bryting																	54										54
Dykking	56		1							7								6			23		25				118
Fleiridrett	128			59														323									510
Fotball	1066	136		184	493	275	144	370	1661	121	220	615	543	318	312	383	371	1492	239	430	508	483	566	206	766	766	12668
Friidrett	1018	400		16	446	411	471	89	97	123	243	73	1293	7	206	149	491	396	124	138	79	353	154	193	828	766	8564
Golf	79										541						299					339	229		322		1809
Gym/turn	57				108				113		205	124						101		91	154	27	181		258	365	1784
Handball	449				296	116	47	139	175	95	0	243	115	97	146		24	274		30	70	0	280		506	367	3469
Hundekøyring																			18								18
Judo																		35									35
Kampsport	133				89				137									14	21				68				462
Kickboksing	21																										21
Klatring	31							57	160	46			2	41	10	62		25		91	4				93	24	646
Luftsport		59											34					60							15	43	211
Motorsport	99						0					26			13			28		145						90	401
Orientering	0					0			58				47	47				113	7				24	94	75	465	
Padling														48				294							91		433
Ridning	75					29			24		23	71	15					212	10				157	41		657	
Rugby																									12		12
Segling	154																				76						230
Ski	373				59	289	493	255	563	140	124	532	870	4	66	545	336	433	57	129	30		348	93	525	963	7227
Skiskyting	0					140												21					158	70	10	143	542
Skyting	17	38		18	30			39	34		5	23	12	45			2	58		89	41	10	37		68	34	600
Skøyte						63					170															23	256
Styrkeløft	24								8			0	32					0									64
Symjing	28		40						43	63	27	34	39		109			395		34			246	0		1058	
Sykkel	117										26	0	120	27	36			74			69				232	31	732
Tennis	38																								5		43
Triathlon													0					0			0						0
Vektløfting															8			254	95						83	1	441
Volleyball			22				35	198	82	1		0	2	48	39	181	114	458	131	73			18	21	115	33	1571
Akt.tal totalt	4101	633	63	390	1559	1323	1190	1172	3190	612	1602	1755	3146	682	978	1320	1691	5174	710	1280	1132	1212	2491	583	4064	3756	45809



### 3.6. Utbreiing av idrettar i Sogn og Fj. pr. 31.12.14

#### Tal på klubbar/grupper i idrettslag pr. kommune

	Flora	Gulen	Solund	Hyllestad	Høyanger	Vik	Balestrand	Leikanger	Sogndal	Aurland	Lærdal	Årdal	Luster	Askvoll	Fjaler	Gaular	Jølster	Førde	Naustdal	Bremanger	Vågsøy	Selje	Eid	Hornindal	Gloppen	Stryn	Sum	
Komm.nr.	1	11	12	13	16	17	18	19	20	21	22	24	26	28	29	30	31	32	33	38	39	41	43	44	45	49		
Amerikanske idrettar																					1						1	
Badminton															1			1										2
Bandy	1				1			1	1		1	1	1					1			1						9	
Basketball	1																			1							2	
Biljard				1														1									2	
Bogeskyting	1			1														1	1	1						1	6	
Boksing										1																	1	
Bryting																	1										1	
Dykking	1		1							1								1			2		1				7	
Fleiridrett	1			1														1									3	
Fotball	5	1		1	5	1	1	1	6	1	1	3	5	4	2	2	1	3	1	6	2	3	5	1	4	6	71	
Frøidrett	3	3		1	4	3	1	1	4	1	1	2	4	1	2	2	1	1	1	5	2	2	5	1	6	7	64	
Golf	1										1						1					1	1		1		6	
Gym/turn	1				1				1		1	2						1		1	2	1	1		1	1	14	
Handball	1				1	1	1	1	2	1	1	2	1	1	1		1	1		1	1	1	4		5	2	30	
Hundekøyring																			1								1	
Judo																		1									1	
Kampsport	1				1				1									1	1				1				6	
Kickboksing	1																										1	
Klatring	1							1	1	1		1	1	1	1	1		1		1	1				1	1	13	
Luftsport		1											1					2							1	1	6	
Motorsport	1						1					1			1			1		2						1	8	
Orientering	2					1			1				1	1				1	1				1		2	2	13	
Padling														1				1							1		3	
Ridning	1					1			1		1	1	1					2	1				1		1		11	
Rugby																									1		1	
Segling	1																				1						2	
Ski	2				2	3	2	1	3	2	1	2	6	1	1	2	1	1	1	1	1		5	1	3	7	49	
Skiskyting	1					1												1					2	1	1	2	9	
Skyting	1	3		1	1			1	1		1	1	1	3				2		2	1	1	2		1	1	25	
Skøyte						1					1															1	3	
Snowboard																							1				1	
Styrkeløft	2								1			1	1					1									6	
Sykkel	1										1	1	2	1	1			1			1				2	2	13	
Symjing	1		1						1	1	1	2	1					1		1			1		1		13	
Tennis	1																								1		2	
Triathlon													1					1			1						3	
Vektløfting															1			1	1						2	1	6	
Volleyball			1				1	1	2	1		1	1	3	1	2	1	2	1	2			1	1	2	1	25	
<b>Totalt</b>	<b>33</b>	<b>8</b>	<b>3</b>	<b>6</b>	<b>16</b>	<b>12</b>	<b>7</b>	<b>8</b>	<b>26</b>	<b>10</b>	<b>12</b>	<b>20</b>	<b>28</b>	<b>17</b>	<b>13</b>	<b>9</b>	<b>8</b>	<b>33</b>	<b>10</b>	<b>24</b>	<b>17</b>	<b>9</b>	<b>32</b>	<b>5</b>	<b>37</b>	<b>37</b>	<b>440</b>	

## 4. RAMMEVILKÅR

**Mål:** Idretten i Sogn og Fjordane har gode og påreknelege rammevilkår for organisasjons- og aktivitetsutvikling.

### Kommune- og fylkestingsval 2015

Sogn og Fjordane idrettskrins jobba inn mot dei ulike partia sine programkomitear, og har i perioden sendte saker og innspel til partia og delteke på programkonferansar i Sogn og Fjordane AP og Sogn og Fjordane Høgre. Styreleiaren deltok òg på LO sin kulturlunsj i Førde 01.09.15.

Styret var aktive i media med å synleggjere idretten sine fanesaker gjennom kronikkar i media, og nettsida og facebook-sida til idrettskrinsen vart mykje brukt for å profilere idretten sine fanesaker. Tippekupongen vart sendt ut til kandidatane og dei politiske partia, og elles brukt aktivt i valkampen:

**VIL DU VERE MED  
OG SKAPE GODE  
LOKALSAMFUNN?**



<b>Vil du i løpet av valperioden sørge for...</b>	<b>H</b>	<b>U</b>	<b>B</b>
... aktivt å sikre areal til idrett, anlegg og fysisk aktivitet?			
... å sørge for at allereie eksisterande anlegg får driftstilskot og tilstrekkeleg vedlikehald?			
... å legge til rette for spleiselag mellom sektorar for å få fleire anlegg?			
... å sørge for at prioriterte anlegg realiserast?			
... å sørge for gratis trening for alle barn og ungdom i alle kommunale anlegg?			
... å gi idrettslaga i din kommune aktivitetsstøtte?			
... å sørge for at kommunen formaliserer samarbeidet med idrettsrådet gjennom ein avtale?			
... å sørge for at spesielle prosjekt får spesiell støtte?			
... auka fysisk aktivitet i skulekvardagen?			
... sette meir fysisk aktivitet på timeplanen?			
... sørge for at skulane har kompetent personell i kroppsøving og til å legge til rette for meir fysisk aktivitet?			
... at idrettslag som bidreg inn mot skulen eller SFO kompensert økonomisk?			

## Sogn og Fjordane Fylkeskommune

Idrettskrinsen har delteke på ulike arenaer for å betre rammevilkåra for idretten i Sogn og Fjordane. Arbeidsgruppemøter i planarbeidet i fylkeskommunen, både for planstrategi, regional folkehelseplan, og regional plan for fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv. Organisasjonssjefen heldt innlegg på fylkeskommunen si regionale plansamling 07.05.15.

Idrettskrinsen har òg samhandlingstiltak med fylkeskommunen i høve igangsetting av kommunedelplanprosessar. Dette har vore ein del av prosjektet «Ein god idrettskommune». I perioden har idrettskrinsen delteke på 6 møter i kommunar med kommune og frivillig sektor: Hyllestad, Luster, Årdal/Lærdal/Aurland, Vik, Balestrand og Solund. Det har òg vore møte med Sogndal kommune, idrettsrådet og idrettslaga om lokal idrettspolitik/ anlegg.

Idrettskrinsen si deltaking i arbeidet med og oppfølging av «Regional plan for fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv 2014-2017», har gitt bevisstheit på felles utfordringar i arbeidet med utvikling av idretten i kommunane og effekten av felles utviklingstenking.

### Utviklingsavtale mellom fylkeskommunen og idrettskrinsen

Det er perioden utvikla eit svært godt samarbeid med Sogn og Fjordane fylkeskommune med god dialog, felles møtepunkt og samarbeidstiltak.

Utviklingsavtalen 2015-2016 mellom Sogn og Fjordane idrettskrins og Sogn og Fjordane fylkeskommune vart underteikna 19.06.15. Avtalen regulerer samarbeidstiltak mellom dei to avtalepartane. Avtalen vert følgt opp gjennom årlege evalueringssamtalar.

Samarbeidet med fylkeskommunen er vedlikehalde og vidareutvikla m.a. med regional plan for folkehelse, rullering av «Regional plan for fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv 2016-2019», planprosessar med kommunedelplanar og oppfølging av «Spissa idrettstilbod for potensielle toppidrettsutøvarar».

Organisasjonssjefen deltek òg i Forum for fysisk aktivitet i Sogn og Fjordane.

## Politisk dialog

Det har i heile perioden vore god dialog med fylkeskommunen både administrativt og politisk. Idrettskrinsen var invitert til innspelskonferanse på politikardag for fylkespolitikarane 04.11.14.


Det har vore jamleg kontakt/informasjonsutveksling med Stortingsbenken til fylket i saker der dette har vore naturleg. Mellom anna i arbeidet med krav om full momscompensasjon til idrettslag som byggjer idrettsanlegg, og forsvar av einerechtsmodellen og Norsk Tipping.

## 5. IDRETTSANLEGG - NÆRMILJØANLEGG

Mål: Idretten i Sogn og Fjordane er samordna på anleggsutvikling og det offentlege tek medansvar for at alle får tilgang til idrettsanlegg uavhengig av kvar ein bur.

### Spelemidlar til idrettsanlegg

Grafikk og tabell nedanfor syner utviklinga for spelemidlar til idrettsanlegg i Sogn og Fjordane:



### Ordinære anlegg og nærmiljøanlegg


Årstal	Godkjent søknadssum	Tildelt	%
2011	105.851.000	22.797.000	21,5 %
2012	130.884.000	27.280.000	20,8 %
2013	137.210.544	29.994.400	21,9 %
2014	121.399.000	28.888.600	23,8 %
2015	155.101.000	37.867.000	24,4 %

### Ordinære anlegg

Årstal	Godkjent søknadssum	Tildelt	%
2011	100.942.000	20.797.000	20,6%
2012	123.697.000	24.291.000	19,6%
2013	131.769.544	27.782.400	21,1%
2014	115.123.000	24.573.600	21,3%
2015	142.402.000	35.526.000	24,9%

### Nærmiljøanlegg

Årstal	Godkjent søknadssum	Tildelt	%
2011	4.909.000	2.000.000	40,7%
2012	7.187.000	2.989.000	41,6%
2013	5.441.000	2.212.000	40,7%
2014	6.276.000	4.315.000	68,8%
2015	12.699.000	2.341.000	18,4%



Kjelde: «Spillemidler til idrettsanlegg. En gjennomgang av spillemiddelsøknadene og anleggssituasjonen», Kulturdepartementet

## Anleggsprosessar/temamøte i idrettslag

Sogn og Fjordane idrettskrins har i perioden vidareutvikla eit godt samarbeid med Sogn og Fjordane fylkeskommune, spesielt kulturavdelinga ved rådgjevar for fysisk aktivitet. Det er ein svært god dialog og idrettskrinsen vert involvert og får uttale seg i saker som angår idretten. Idretten og fylkeskommunen opptre i lag på fleire arenaer der både idretten og kommunane møtes. Idrettskrinsen har òg delteke på kommunesamlingar.

I 2015 har idrettskrinsen delteke på samhandlingstiltak i 8 kommunar, i høve kommunane sitt arbeid med revisjon av kommunale planar for fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv.

Idretten var invitert og representert på anleggskonferansane; 2014 med tema fysisk aktivitet idrett og friluftsliv og 2015 der tema var symjehallar/rehabilitering av idrettsanlegg.

Idrettskrinsen opplever ein pågang frå idrettslag, idrettsråd, særkrinsar/regionar i spørsmålet kring anleggsutbygging og tippemiddelsøknader, og ser at det er behov for auka rådgeving og større kapasitet innanfor dette feltet.

Det er god dialog og samhandling med særkrinsar/regionar, idrettsråd og idrettslag innanfor anleggsprosessar og arbeidet med å tilrettelegge for ein samla og god anleggspolitikk.

Det er fortsatt eit stor behov for nye idrettsanlegg i Sogn og Fjordane, men òg viktig å vedlikehalde eksisterande anlegg. Dette må skje på ein måte som er med å sikre mangfaldet i idretten i fylket.

## 6. IDRETT OG FOLKEHELSE

**Mål:** Auke oppslutnaden om fysisk aktivitet i lokalmiljøet ved å stimulerer til etablering av nye og vidareutvikling av eksisterande låg-terskeltilbod i idrettslaga i Sogn og Fjordane.

Idretten sitt viktigaste bidrag til folkehelsearbeidet og til samfunnet, er den daglege idrettsaktiviteten i idrettslaga.

Folkehelseperspektivet og lågterskel fysisk aktivitet blir i stor grad teke i vare gjennom breiddeidrettstilboda i idrettslaga og lokale krefter sin innsats med å legge til rette for eigenorganisert aktivitet.

Gode døme på tilbod for folk flest er dagpreparerte langrennsløyper og alpinbakkar, kunst-grasflater, ballbingar, sandvolleybaner, turstiar og turorientering.



### Prosjekt – Trim I Lag

TRIM I Lag var planlagt som eit treårig samarbeidsprosjekt mellom Sogn og Fjordane idrettskrins og aktuelle lokale idrettslag, med økonomisk støtte frå Norges idrettsforbund og Sogn og Fjordane fylkeskommune.

**Hovudmålet** var å auke oppslutnaden om fysisk aktivitet i lokalmiljøet ved å stimulerer til etablering av nye og vidareutvikling av eksisterande lågterskeltilbod i idrettslaga i Sogn og Fjordane.

#### Prosjektet vart sett i gong i:

- Lærdal med Lærdal IL som pådrivar og med andre samarbeidspartar; kommunale tenester (Frisklivssentralen, Frivilligsentral, psykiatri tenesta, skule) og LHL Lærdal og Aurland.
- Florø med Florø T&IF som pådrivar og med andre samarbeidspartar; folkehelsekoordinator, andre idrettslag, Flora Turlag og LHL Flora.

#### Tiltak i prosjektet:

Det vart inviterte breitt i lokalsamfunnet for å få med alle aktuelle aktørar som tilbyr og formidlar aktivitet til målgruppa.

Det vart gjennomført:

- start- og oppfølgingsmøter
- innføringskurs og leiarkurs i stavgang
- spørjeundersøking, utarbeida av idrettskrinsen, som tiltak i kartlegging av fråfall i idrettsaktivitet blant ungdom i aldersgruppa 12-16 år i Lærdal

- rekruttert ny idrettsmerkekontakt i Florø T&IF og gjennomførte idrettsmerkearrangement både i Florø T&IF og Lærdal IL
- tilskot til idrettslaget som var samarbeidspart som ein stimulans til aktivitetstiltak med prosjektet

### **Erfaringar og positive effektar frå prosjektet:**

- Det er ikkje mangel på aktivitetstilbod som er den største utfordringa for å skape auka fysisk aktivitet i lokalsamfunnet, men at tilboda blir gjort kjent for fleire og når ut til målgruppa. Difor var det eit viktig bidrag frå idrettskrinsen å stimulere til aktivt samarbeid mellom idrettslaga og andre frivillige organisasjonar i lokalmiljøet slik at dei blei meir kjent med kvarandre og fekk vite om kva tilbod som eksisterte lokalt. I tillegg bidrog idrettskrinsen til betre samhandlinga mellom idretten og kommunen om lokale folkehelseiltak.
- Samarbeid med kommunale tenester i Lærdal og nådd ut til utsette grupper.
- Kartlagt fråfall i idrettsaktivitet blant ungdom i aldersgruppa 12-16 år i Lærdal.

Etter omlegging av tilskotsordninga til folkehelseprosjekt frå Helsedirektoratet i 2014, gjekk søknadsmulegheitene til NIF ut. Tilsvarande låg heller ikkje lenger til rette for å søkje Sogn og Fjordane fylkeskommune om prosjektmidlar til folkehelseiltak. Offentlege midlar på området vart kanalisert ut til kommunane.

«Trim I Lag» - prosjektet vart difor trappa ned frå 2014.

## **Idrettsmerket**

Idrettskrinsen har oppgåver med informasjonsarbeid, kvalitetssikring av idrettsmerkerapportering, bruk av regelverk, administrasjon bestillingar av utmerkingar og oppfølging av arrangørar.

Idrettsmerkearrangørane legg ned stor innsats år etter år og motiverer mange til fysisk aktivitet og trivsel, og legg til rette viktige sosiale møteplassar. Arrangementa med merkeprøvar er såleis god folkehelseaktivitet.

Sandane Turn & IL vart valt ut som lokal arrangør i fylket til å markere NIF sitt 100-års jubileum for idrettsmerkeprøva, og gjennomførte ein open idrettsmerkedag 20.09.15.

### **Idrettsmerkekonkurransen 2014:**

I 2014 vart det gjennomført idrettsmerkekonkurransen for arrangørane/laga der dei med flest nye merketakarar og dei med flest merketakarar i forhold til medlemstalet vart premierte.

Flest nye merketakarar i 2014:

1) Lærdal IL	Premie: kr. 4000,-
2) Skatteopplysningen/Skatt vest	kr. 3000,-
3) Stryn Turn & IL	kr. 2000,-

Flest merketakarar i 2014 i forhold til medlemstal i laget:

1) IL Modig	Premie: kr. 3000,-
2) Von IL	kr. 2000,-
3) Almenning IL	kr. 1000,-

Fem idrettsmerketakarar har oppnådd 50-årsmerke med NIF-diplom i perioden.  
**Jørgen M. Holme, Hyen IL, Arnfinn Ommedal, Hyen IL, Kåre Ness, Askvoll og Holmedal IL, Torbjørn Fjellvang, IL Vetten og Trygve Røneid, IL Bjørn.**

Oversyn over oppnådde utmerkingar og trofé						
År	Statuett	Krus	Min.stat.	Heiderspris	40-årsmerke	50-årsmerke
2013	3	3	1	3	6	3
2014	2	4	2	7	8	2

Avlagde prøvar i Sogn og Fjordane	Kvinner	Menn	Totalt
2013	106	132	238
2014	102	134	236




Foto: Jan Christian Jerving





## 7. IDRETT OG SAMFUNN

### Mål:

- Vidareutvikle og styrke samarbeidet mellom idretten og fylkeskommunen.
- Idrettsorganisasjonane i fylket opptrer samla og brukar organisasjonen si politiske tyngde for å styrke idretten sine økonomiske rammevilkår.
- Idrettsorganisasjonane skal arbeide aktivt for å sikre trafikktryggleiken for alle under reiser og utøving av idrettsaktivitet.

### Regional plan for folkehelse 2015-2025

Sogn og Fjordane idrettskrins vart invitert til å komme med innspel til «Regional plan for folkehelse 2015-2025», og til handlingsprogram 2015-2018. Planen vart politisk vedteken 16.06.15.

<http://img4.custompublish.com/getfile.php/3138096.2344.tfyyaqyssb/Regional+plan+for+folkehelse+2015+-+2025.pdf?return=www.sjf.no>

### Rullering «Regional plan for fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv 2016-2019»

«Regional plan for fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv 2014-2017» vart vedteken av fylkestinget desember 2013. Planutvalet i fylkeskommune la opp til rullering av handlingsprogrammet for anlegg og tiltak i 2015.

Sogn og Fjordane idrettskrins vart invitert til å komme med innspel til handlingsprogrammet sin tiltaksdel. Organisasjonen gav sine innspel via idrettskrinsen.

«Regional plan for fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv 2016-2019» vart vedteken i fylkestinget 08.12.15, sak nr. 55/2015.

<http://img4.custompublish.com/getfile.php/3251727.2344.vxsqcttdsw/Regional+plan+for+fysisk+aktivitet,+idrett+og+friluftsliv+2016-2019.pdf?return=www.sjf.no>

### Samarbeid med Høgskulen i Sogn og Fjordane (HiSF)

Idrettskrinsen har over lang tid hatt nært samarbeid med Høgskulen i Sogn og Fjordane. HiSF har ein sterk posisjon på idrettsfag og i landsmålestokk og er eit kraftsenter for idrett i fylket. Idrettskrinsen er svært takksam for å ha ein så god samarbeidspart.

HiSF har bidrege mykje i utviklings- og utdanningstiltaka som har vore arbeid med for den frivillige idretten i eit kvart hundreår.

Målet er faste samhandlingsstrukturar som sikrar kontinuitet i arbeidet med å tilføre det beste av idrettsfagleg kompetanse til idrettsmiljøa i fylket.

## Olympiatoppen Vest

Sogn og Fjordane idrettskrins har i perioden jobba med å etablere betre kontakt og samhandling med OLT Vest. Dei har bidrege inn med fagressursar til gjennomførte kompetansetiltak i perioden. Dei har òg delteke på ulike samhandlingsarenaer/møter med særkrinsane/regionane i fylket.

## «Sjumilssteget» - Fylkesmannen i Sogn og Fjordane

Sjumilssteget er eit prosjekt i regi av fylkesmannen i perioden som skal bidra til at kommunane i fylket vert meir medvitne på barn og unge sine oppvekstvilkår. Kunnskaps- og erfaringsutveksling på området skal sikre at kommunane etterlever FN sin barnekonvensjon og gjennomfører tverrfagleg samarbeid til beste for barn og unge.

Idrettskrinsen deltok på konferansane i Loen:

2014. Samordna løft for folkehelse, psykisk helse og medverknad for barn og unge.

2015. Samordna løft for folkehelse og psykisk helse for barn og unge.

## Idrettssenteret AS

Idrettssenteret AS er eit aksjeselskap med ideelt føremål. Idrettssenteret AS er eigd av Sogn og Fjordane idrettskrins og Sogndal Fotball. I tillegg har Høgskulen i Sogn og Fjordane vedtaksfesta rett til styrerepresentasjon saman med eigarane.

Idrettssenteret sitt hovudmål er å skape eit ressurscenter som kan auke det idrettsfaglege kunnskaps- og kompetansenivået i Sogn og Fjordane.

Leiar i idrettskrinsstyret Nils R. Sandal har i årsmeldingsperioden vore styreleiar i Idrettssenteret AS. Organisasjonssjef Anne Leversund har vore styremedlem.

Det har vore avvikla 5 styremøter og handsama 27 saker.

Sogn og Fjordane idrettskrins vedtok i styremøte 10.04.15 å selje aksjane sine i Idrettssenteret AS til pålydande verdi kr 201.000,- til Sogndal Fotball. Det er underteikna ein samarbeidsavtale om fortsatt godt og solid samarbeid mellom idrettskrinsen og Sogndal Fotball og Idrettssenteret AS.

## Mediaseminar

Idrettskrinsen arrangerte mediaseminar på Idrettens hus 27.10.14.

Idrettskrinsstyret, samt alle særkrinsane/regionane, både administrasjon og styreleiarar, var invitert til å delta. Ambisjonen var å sette fokus på ein mediastrategi for idretten, for å bli meir beviste på korleis vi nyttar media og korleis vi kan profilere oss og «merkevara» vår betre.

Til å innleie hadde vi invitert Jan Atle Stang. Han har tidlegare vore redaktør i avisene Firdaposten og Firda, og er no regiondirektør i NHO Sogn og Fjordane.

Han jobbar med arenaprogrammet, som er eit kurs for NHO-medlemar, der det er sterkt fokus på mediastrategi. I tillegg er han kursa i lobbyering og korleis profilere «merkevara» vår (marknadsstrategi).

## Oppmoding - Sikring av utstyr i idrettshallar

Sogn og Fjordane idrettskrins gjekk, i lag med Sogn og Fjordane fylkeskommune og fylkesmannen, ut med ei oppmoding til alle brukarar av idrettsanlegg, grunnskular og vidaregåande skular 27.01.15.

Oppmodinga vart sendt ut etter ei tragisk ulykke som skjedde i ein idrettshall i Nannestad kommune. Vi oppmoda difor eigarane av idrettshallane til å ettersjå at alt utstyr er sikra, og at rutinar og reglar i samband med aktivitet vart gjennomgått.

Vi oppmoda òg brukarane, grunnskular, vidaregåande skular og idrettslag til å følgje opp dette.

## Krisehandteringsplan

Sogn og Fjordane idrettskrins har i perioden laga ein krisehandteringsplan som hjelp til krisehandtering i idrettslaga. Alvorlege hendingar kan oppstå i laget og i idrettsaktiviteten, og det er då viktig å ha på plass og vere førebudd på kva idrettslaget gjer.

Fylkesmannen si samfunnstryggleiks- og beredskapsavdeling har bidrege til å kvalitetssikre dokumentet for oss.

<https://www.idrettsforbundet.no/idrettskretser/sogn-og-fjordane-idrettskrins/idrettslag/kri/>

## Nynorskdagen

Organisasjonssjef Anne Leversund var invitert til å halde eit innlegg på Nynorskdagen som vart arrangert i Førde under tittelen «Den nynorske språkkvardagen - utfordringar, kva krev det av oss, og korleis kan sentrale styresmakter spele på lag?». Kulturministeren, kulturdepartementet og Sogn og Fjordane fylkeskommune deltok på Nynorskdagen.

## Samarbeid med vgs. idrettsfag

Idrettskrinsen har i perioden bygd opp eit godt samarbeid med vidaregåande skular med idrettsfag.

Vi har delteke på nettverksmøte for idrettsfag og kroppsøving, halde foredrag ved vgs. idrettsfag om organiseringa av idretten og idretten i Sogn og Fj., og lagt til rette for gjennomføring av aktivitetsleiarkurs i barneidrett for elevar på idrettsfag.